

Til  
Språkrådet  
[post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)

## Høringsuttalelse om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Jeg viser til høring om reviderte retningslinjer for normering, som jeg ble varslet om i e-post 3. juni.

Dessverre er det i presentasjonen av høringssaken på Språkrådets nettsider flere misvisende formuleringer i tilknytning til omtalen av det språkpolitiske grunnlaget for normeringsvirksomheten, jf. understrekningene i følgende to avsnitt.<sup>1</sup>

Det heter bl.a. at grunnlaget for normeringen ligger i «den språkpolitikken som Stortinget har vedteke», og at dette innebærer at hovedprinsippene for dagens normering er selvstendighet og stabilitet. Avslutningsvis hevdes det at hovedprinsippene for normeringen og retningen i normeringspolitikken, «som Stortinget og regjeringa har fastsett, ikkje kan endrast», og at de dermed ikke er tema for høringsinnspill.

Det er en misforståelse at Stortinget på noe tidspunkt har «vedtatt» eller «fastsatt» slike normeringsprinsipper som Språkrådet her hevder. Stortinget har heller ikke gjort noe vedtak om språkpolitikken mer allment, slik Språkrådets uttrykksmåte kan synes å implisere. Riktignok har Stortinget nylig vedtatt en språklov, men loven fastsetter ingenting om de nevnte normeringsprinsippene. Likevel hevder Språkrådet i oppslaget på nettsidene 3. juni at «grunnlaget for normeringa ligg i den språkpolitikken Stortinget har vedteke, seinast i handsaminga av språklova tidlegare i år». Også denne formuleringen er misvisende.

Riktignok ble de nevnte normeringsprinsippene omtalt i proposisjonen der språkloven ble fremmet. Om stabilitetsprinsippet het det her at det likevel skal være rom for å gjøre justeringer i rettskrivningen der faktisk språkbruk eller sterke systemhensyn tilsier det. Om bokmålsnormen het det at det kan være grunn til å se på om det trengs justeringer i lys av bruken i dag slik den fremstår i store korpus med bokmålstekst, men at det likevel ikke vil være aktuelt å gjøre gjennomgripende endringer.<sup>2</sup> I innstillingen fra stortingskomiteen er disse merknadene forbigått i stillhet.<sup>3</sup> Disse presiseringene og avgrensningene er altså ikke føringer som Stortinget aktivt har sluttet seg til. Så lenge Stortinget ikke har uttalt seg i annen retning, vil de fra *departementets* side likevel kunne legges til grunn som en rettesnor. Formuleringene inneholder imidlertid skjønsmessige uttrykk som synes å kunne gi større handlingsrom enn de begrensninger Språkrådet har angitt i så vel gjeldende retningslinjer som i den reviderte versjonen.

Det er i denne sammenheng viktig å se hen til premissene for det nevnte stabilitetsprinsippet. Dette ble første gang omtalt i kulturmeldingen fra 2003. Her ble det imidlertid lagt til grunn at man først måtte få avklart behovet for en opprydding i det rettskrivningssystemet som hadde utviklet seg gjennom 1900-tallet.<sup>4</sup> For bokmål skjedde det en viss opprydding gjennom rettskrivningsreformen av 2005. I

---

<sup>1</sup> Jf. følgende nettadresser:

<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2021/hoyring-om-retningslinjene-for-normering/>  
<https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/hoyringar-fra-sprakradet/hoyring-om-reviderte-retningslinjer-for-normering-av-bokmal-og-nynorsk/>

<sup>2</sup> Prop. 108 L (2019–2020), kap. 4.2.1, s. 22.

<sup>3</sup> Innst. 253 L (2020–2021).

<sup>4</sup> St.meld. nr. 48 (2002–2003), kap. 12.4, s. 189–190.

språkmeldingen fra 2008 gjorde departementet den bedømmelse at denne opprydningen og forenklingen hadde vært tilstrekkelig til at det i overskuelig framtid ikke burde være behov for større endringer.<sup>5</sup>

Det har imidlertid vist seg at denne vurderingen var for optimistisk. I årene etterpå er det flere ganger tatt til orde for en ytterligere opprydning for å fjerne lite brukte former i bokmålsrettskrivingen og dermed komme fram til en fastere og mer oversiktlig norm i tråd med dominerende språkbruk. Språkrådet synes ikke å ha tillagt disse signalene særlig vekt og har i liten grad lagt til rette for dialog med eksterne instanser som målbærer en annen tilnærming enn den som synes å være toneangivende blant de som arbeider med normering i og i tilknytning til Språkrådet selv. Dette er ikke i godt samsvar med forutsetningen om en bred demokratisk forankring av språkpolitikken som i sin tid ble lagt til grunn for omorganiseringen av Språkrådet. Språkmeldingen fra 2008 understreket spesielt viktigheten av at normeringspolitikken fremdeles måtte bygge på et slikt bredt språkdemokratisk grunnlag.<sup>6</sup>

Før Språkrådet ble omorganisert fra 2004–05, var normeringsvirksomheten forankret i en rådsforsamling med bred representativ sammensetning. Etter omorganiseringen ble det i stedet etablert fire spesialiserte fagråd som etter vedtektene skulle sikre at Språkrådet har bredest mulig samfunnskontakt for arbeidet sitt, det ene av disse med ansvar for normeringsarbeidet og annen beslektet virksomhet. Vedtektene fastsetter også at fagrådene skal formidle synspunkter og impulser fra det norske språksamfunnet til styre og sekretariat, og at fagrådsmeldlemmene ikke skal oppnevnes som interesse-representanter. Fagrådene kan ta selvstendige initiativ innenfor eget fagområde. Også Språkrådet som sådan har etter vedtektene ansvar for å ta språkpolitiske initiativ. Språkrådet er dermed ikke avskåret fra å ta til orde for justeringer eller endringer i overordnede retningslinjer dersom det finner grunnlag for det. Også prinsipper og retningslinjer som er forankret i storting og regjering, *kan* endres, og det er derfor unødig innskrenkende å oppfordre høringsinstanser til å vike unna slike temaer i sine uttalelser.

Omtalen av stabilitetsprinsippet i språkmeldingen fra 2008 var ikke utformet som en instruks eller et pålegg. Den hadde dels karakter av en prognose, dels en forhåpning basert på visse forutsetninger, som imidlertid senere har vist seg ikke uten videre å holde stikk. Stortinget uttalte seg heller ikke særlig forpliktende om dette. En samlet fagkomite nøyde seg med å anføre at den hadde «merket seg» departementets ønske om at de overordnede prinsippene om selvstendig normering av nynorsk og bokmål uten tilnærming, samt stabilitet, skulle legges til grunn for den framtidige normeringspolitikken.<sup>7</sup>

Mange år har nå gått etter dette, og man har sett flere tegn til misnøye med Språkrådets oppfølging av normeringspolitikken, også fra politisk hold. I innstillingen til språkløpforproposisjonen tidligere i år hadde de tre rødgrønne opposisjonspartiene en merknad der de bad regjeringen «sikre at dokumentasjon og normering av norsk språk skal vere eit offentleg oppdrag ved ein norsk vitskapleg institusjon». Komiteflertallet på sin side mente at det å gi normativt ansvar til en vitenskapelig institusjon ville bryte med norsk språkpolitikk «fram til i dag», og viste til at dette var en oppgave som lå til Språkrådet, noe den mente ble stadfestet gjennom bestemmelsen i § 19 i språkløven, som ved voteringen i Stortinget ble enstemmig vedtatt. Ikke desto mindre har det største av de nåværende regjeringspartier programfestet at de vil vurdere om språknormeringen for bokmål og nynorsk skal flyttes ut av Språkrådet.<sup>8</sup> Dette var også tema for et offentlig ordskifte våren 2017. Dette er signaler som Språkrådet bør ta på alvor.

---

<sup>5</sup> St.meld. nr. 35 (2007–2008), kap. 8.4.2.5, s. 172–173.

<sup>6</sup> St.meld. nr. 35 (2007–2008), kap. 8.4.2.5, s. 173.

<sup>7</sup> Innst. S. nr. 184 (2008–2009), kap. 2.4.2, s. 42.

<sup>8</sup> Høyres partiprogram 2021–2025, s. 77. <file:///C:/Users/Bruker/AppData/Local/Temp/Hoyres-partiprogram-2021-2025--1.pdf>

Ordsiftet våren 2017 handlet også om behovet for videre opprydning i bokmålsnormalen. Det var uheldig at Språkrådet også ved denne anledning unnlot å ta opp hansken. Det kan virke som om Språkrådet i utviklingen av normeringspolitikken har lukket seg for mye inne i seg selv. Dette kan også ha bidratt til at departementet har fått et for snevert grunnlag for sine vurderinger overfor Stortinget.

Språkrådet bør legge til rette for en bredere diskusjon om den videre utvikling av bokmålsnormalen og i større grad trekke inn også den leksikografiske og normeringspolitiske kompetansen som finnes i Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. Men også argumentasjonen og retorikken herfra må i høy grad underkastes en kritisk vurdering. Blant annet gjelder dette metoden med å konstruere setninger som gjør det mulig å utnytte multiplikatoreffekten til å forsterke inntrykket av en angivelig tøylesløs valgfrihet innenfor dagens bokmålsnormal.

Ikke desto mindre bør det etter min vurdering være et uttrykt mål å redusere dagens relativt vide valgfrihet. Uten at jeg har gått dette nøye etter i sømmene, ser jeg ikke bort fra at det bør være mulig å gå en god del lenger enn det som har vært antydnet fra Språkrådets side til nå. Ett område bør imidlertid uttrykkelig unntas fra målet om redusert valgfrihet, nemlig normeringen av engelske importord som har vunnet innpass i alminnelig språkbruk. Her er det etter min vurdering ønskelig å få fortgang i arbeidet med innføringen av norvagserte skrivemåter, og valgfrihet vil da være nødvendig inntil de norvagserte skrivemåtene eventuelt slår rot.

Med vennlig hilsen

Ingvar Engen (sign.)

Kopi: Kulturdepartementet  
Det Norske Akademi for Språk og Litteratur



DET KONGELIGE  
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Deres ref

Vår ref  
21/2717-3

Dato  
30. juni 2021

## Høring - Reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Vedlagt følger til behandling Språkrådets brev av 3. juni 2021.

Helse- og omsorgsdepartementet har ingen merknader til saken.

Med hilsen

Siv Wurschmidt (e.f.)  
avdelingsdirektør

Tone Kurås  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Postadresse  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@hod.dep.no

Kontoradresse  
Teatergt. 9  
www.hod.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
983 887 406

Avdeling  
Administrasjonsavdelingen

Saksbehandler  
Tone Kurås  
22 24 85 77



**DET KONGELIGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT**

Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

21/829-2

05. juli 2021

## **Høringsvar - Reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk**

Vi viser til mottatt epost datert 3. juni 2021 med høring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk mottatt som epost datert 3. juni 2021.

Landbruks- og matdepartementet har ingen merknader.

Med hilsen

Kai-Ove Nauen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Helga Storvik Pedersen  
arkivleder

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

Postadresse  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@lmd.dep.no

Kontoradresse  
Teatergata 9  
www.lmd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 874

Avdeling  
Forsknings- og  
administrasjonsavdelingen

Saksbehandler  
Helga Storvik  
Pedersen  
22 24 91 98

Gunnar Skirbekk, professor em. i vitenskapsfilosofi, Universitetet i Bergen.

**Merknader til høyringsnotatet, om digitale retteprogram og deira potensielle påverknad på 'korpus', som basis for normering ut frå 'bruksprinsippet'.**

Høyringsnotatet omtalar normering av skriftspråka bokmål og nynorsk, mellom anna ut frå 'bruksprinsippet' (#6,2,3,), med basis i eit 'korpus' av publiserte tekstar, i ulike fora og media, på bakgrunn av ei 'viss redigering'.

Men høyringsnotatet drøftar ikkje korvidt bruken av retteprogram hos viktige tekstproduserande instansar, slik som forlag og aviser, men også offentlege instansar, kan påverke språkbruken i det 'korpus' som skal brukast som basis for normering.

Eksempel: retteprogramma i dominerande aviser (slik som Aftenposten og VG) eksponerer lesarane, over tid, for dei språkformene som inngår i dei versjonane av digitale retteprogram som redaksjonane har valt å bruke (t.d. syv, frem, boken; ikkje sju, fram, boka). Dette gjeld alt redaksjonelt stoff, alt journalistane skriv, herunder tekst frå pressebyrå. Men dette har også vore praktisert på lesarinnlegg, og på intervju der den som blir intervju uttrykkeleg ber om andre språkformer for eigne replikkar (kjelde: bokmålsskrivande professor ved Universitetet i Oslo).

Lesarane blir då eksponerte for skriftspråket slik det framstår etter å ha gått gjennom dei aktuelle retteprogramma. Det vil i så måte **påverke 'korpus'**.

Det er i den samanheng dessutan eit relevant spørsmål om slik eksponering, over tid – anten det er ut frå digitale retteprogram eller ut frå manuell språkvask – vil kunne påverke språkkjensla hos lesarane, eventuelt slik at dei etter kvart vil kunne endre språkbruken når dei sjølv skal skrive (evt. slik at dei oftare vil bruke syv og frem, og meir sjeldan sju og fram). I så fall vil også dette **påverke 'korpus'**, som skal brukast som basis for normering.

Om dette er tilfellet, er eit empirisk spørsmål. I så fall er det ei psykologisk og samfunnsvitenskapleg oppgåve å finne ei rimeleg forklaring på kvifor (og korleis) slikt skjer. (T.d. ved eksperiment, eller komparativt.)

Dette vitenskapsteoretiske poenget synleggjer eit potensielt språkpolitisk standpunkt hos personar med eit enkelt syn på den lange fornorskingsprosessen av det danske skriftspråket, utan syn for at språk «varierer med mange sosiale og kontekstuelle faktorer» (høyringsnotatet side 41), men som meiner at bokmål og nynorsk primært utviklar seg ut frå språkinterne prinsipp, og som no tykkjer at «nok er nok» - hit, men ikkje lengre; slik, men ikkje meir! – og som i så måte meiner at fornorskingsprosessen no er (eller bør vere) avslutta, eller eventuelt bør reverserast, i retning av meir dansk-nære former.

**Konklusjon: ved normering ut frå 'bruksprinsippet' må ein ta omsyn til den potensielle påverknaden som ulike versjonar av digitale retteprogram kan ha på 'korpus' som basis for normering.**

Språkrådet bør derfor initiere ei granskning av korleis retteprogramma blir brukte, både i private og offentlege instansar, til styring av språkbruk som ligg innanfor offisiell og gjeldande rettskriving – også i det offentlege: sentralforvaltning, utdanning, kommune- og fylkesnivå, statlege verksemdar og selskap.

---

**Fra:** Hilde Bulling <Hilde.Bulling@kartverket.no>  
**Sendt:** onsdag 28. juli 2021 11:29  
**Til:** Post Språkrådet  
**Emne:** Høyring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Vi viser til høyring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk, med frist for å svare på høyringa 15.august 2021.

Kartverket har ingen merknader til høyringsnotatet.

Med vennlig hilsen

Haldis Framstad Skaare  
fung. Juridisk direktør

Hilde Bulling  
seniorrådgiver

Lars S. Vikør:

## **Kommentarar til reviderte retningsliner for normering av bokmål og nynorsk**

Truleg burde det tidleg i dokumentet (som nytt kap. 3?) gjevast eit kortfatta oversyn over dei delane eller aspekta av språket, kalla "nivå" eller "domene", som den offisielle normeringa omfattar, ikkje omfattar, eller delvis omfattar. Altså ei liste over sentrale stikkord som uttale, ortografi, morfologi (bøyings- og ordlagingsmorfologi), ordtilfang (med terminologi, importord og namn som særgrupper), semantikk (normering av tyding, som er sentralt særleg innanfor terminologi, til skilnad frå ordtilfanget elles), idiomatikk (form og tyding på ordlag og uttrykk), syntaks, og teiknsetting, forkortingar og andre skrivereglar. For kvart punkt kunne ein da kort markere om det ligg innanfor Språkrådets normeringsansvar eller ikkje (eventuelt berre er emne for rådgjeving). Der dette ikkje er opplagt, som t.d. under ordtilfanget, kunne ein skissere ei avgrensing av normeringsansvaret. For meir kompliserte problemstillingar kunne ein vise til lengre kapittel lenger ute i teksta (kap. 8-12 i utkastet). Dette vil kunne gjere den vidare framstillinga, ikkje minst bolken om "prinsipp", klarare og meir systematisk.

Om "prinsippa" (kap. 6.2 og 7.2):

Dei fleste prinsippa er greitt oppsett og beskrivne, dei handlar om målsettingar for normeringa (sjølvstende, stabilitet, stramheit, enkelheit, tradisjonalisme, tilpassing til språkbruk i skrift og tale). Tre av dei er litt problematiske:

*Bruksprinsippet* (6.2.3, 7.2.3): Eg foreslår at ein enten kallar det "Språkbruksprinsippet" (tilnærming eller tilpassing til språkbruken) eller går tilbake til det fagleg meir eintydige "ususprinsippet", der *usus* da sjølv sagt må forklarast, men det kan gjerast kort og enkelt. Elles kan ein her legge til at Språkrådet bør vere merksam på dei digitale retteprogramma som "normagentar" og gjerne få laga ei utgreiing om "interaksjonen" mellom desse og dei "usus-bilda" som korpus søka gir. Det bør vere med i vurderinga når Språkrådet tar standpunkt i konkrete normeringsspørsmål.

*Talemålsprinsippet* (7.2.6 pluss siste avsnittet i 6.2.3 og 7.2.3): Her er det ein ubalanse mellom bokmål og nynorsk som delvis har samanheng med grunnlaget for sjølve målformene, men som også gir ei unødvendig uklarheit - ikkje minst fordi det ikkje er skilt klart mellom standardspråksbasert og dialektbasert talemål. Punkt 7.2.6 innanfor nynorsk gjeld primært dialektformer (å inkludere "normaltalemålet" her vil på sett og vis innebere ei sirkelslutning). Siste avsnittet under 7.2.3 er meir uklart og framstår mest som ei overflødig avskrift frå bokmålsreglane. Eg trur det kan gå ut utan at det kan tolkast som ei realitetsendring. For bokmålets del består likevel tvitydigheita i bruken av "munnleg språk": Det går ikkje fram om dialektalt talemål i bokmålsbrukande distrikt skal kunne "tas hensyn til", eller det berre skal vere bokmålsbasert standardtalemål. Det forsterkar uklarheita at grenselinene mellom desse er uskarpe, og ulike i dei ulike (bokmålsbrukande) landsdelane. Eit tilleggsmoment er at munnleg, til vanleg uformell, språkbruk, kan skilje seg så sterkt frå vanlege skriftkonvensjonar at normerarane må vurdere den ortografiske forma og ikkje berre førekomst og bruksmåte, særleg om det er vanskeleg å finne data i skriftlege kjelder. Eit anna moment er at mange folkemålsformer, ikkje minst *a*-former, er komne inn i standardspråksbasert bokmålsk talemål utan regional avgrensing, mest i uformell stil, men ikkje berre. Bokmålet har dermed også ei forsterka motsetning mellom talemål og skriftspråk som desse reglane bør forhalde seg til. Såleis bør spørsmålet om eit talemålsprinsipp



tilsvarande (men ikkje nødvendigvis identisk med) avsnitt 7.2.6 vurderast også for bokmålet, presisert som eit omsyn å ta ved normendringar, ikkje ein generell del av normgrunnlaget.

*Ordtilfangsprinsippet* (6.2.7, 7.2.8): Dette er ei meningslaus formulering av eit "prinsipp", i og med at ordtilfanget er ein integrert del av språket og ikkje eit "prinsipp" som ein kan følge eller la vere å følge, eller ei "målsetting" som ein kan vere for eller imot. Det er bl.a. denne typen spesifiseringar eg meiner høyrer heime i eit domeneoversyn i starten av teksta, sjå ovanfor, og ikkje i eit prinsippoversyn.

## Høringsuttalelse fra Det Norske Akademi for Språk og Litteratur

### Re: Framlegg til reviderte retningslinjer for bokmål og nynorsk

#### **Innledning**

Det Norske Akademi for Språk og Litteratur (Akademiet) vil i sin omtale av revisjonsforslaget konsentrere seg om normeringsprinsippene og tar for det formål utgangspunkt i sammenligningen av «Dagens ordlyd» og «Justert ordlyd» av prinsippene for normering av bokmål på s. 5–8 (som bare foreligger på nynorsk) i det tilsendte høringsnotat. Akademiet ser det imidlertid ikke som formålstjenlig å diskutere forandringer mellom gammel og ny versjon av prinsippformuleringene som sådanne, men foretrekker å ta stilling til de nye formuleringforslagene, som er ment å være retningsgivende for fremtidig normering.

Akademiet er oppmerksom på at det i utsendelsen fra Språkrådet står at «hovudprinsippa for normeringa og retninga i normeringspolitikken, som Stortinget og regjeringa har fastsett, ikkje kan endrast, og at dei dermed ikkje er tema for høyringsinnspel». I våre kommentarer finner vi det imidlertid vanskelig helt å unnlate å relatere de foreslåtte prinsippformuleringer til det generelle normeringsregime de er et sentralt bidrag til.

Akademiet ønsker ikke å ytre seg om spørsmålsstillinger som spesielt gjelder nynorsk.

#### **Re: 6.2. Prinsipper for normering av bokmål**

I dokumentene fra Språkrådet omtales selvstendighetsprinsippet og stabilitetsprinsippet som likestilte overordnede normeringsprinsipper, med bruksprinsippet «på tredje plass». Akademiet mener at selvstendighetsprinsippet (motsatt tidligere tiders krav om «tilnærming» mellom bokmål og nynorsk) burde være overordnet de øvrige prinsippene, også «stabilitetsprinsippet». Det følger direkte av stortingsvedtaket av 2002, som avgir den politisk overordnede ramme for normeringsvirksomheten. Akademiet noterer seg at selvstendighetsprinsippet alltid nevnes først i Språkrådets dokumenter.

##### **Re: 6.2.1. Selvstendighetsprinsippet**

Akademiet er prinsipielt uenig i formuleringen som fordrer at man «skal unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyningstypar for ulike ord og genus for substantiv». En slik bestemmelse gjør normeringsprinsippene uklare. Det er nettopp slik samordning selvstendighetsprinsippet er ment å skulle forhindre, etter tilnærmingspolitikken avslutning i 2002. Hensynet til nynorskens morfologi og genustilhørighet i nynorsk kan ikke ha regulerende betydning for bokmålsnormeringen. Bøyningstyper og substantivers genustilhørighet er grunnleggende egenskaper ved selve språkformene. (Nynorsk har som kjent obligatorisk tre genera-system, mens bokmål har valgfrihet mellom to og tre genera.)

##### **Re: 6.2.2. Stabilitetsprinsippet**

Hvis man med «stabilitet» mener at nåværende bokmålsnorm av 2005 i alt vesentlig skal garanteres konstans i overskuelig fremtid, dvs. at «bredden i normen blir ivaretatt», slik det heter i Språkrådets årsmelding for 2020 (s. 45), er Akademiet prinsipielt uenig. Dagens norm omfatter alt for mange ufunksjonelle elementer som ikke gjenfinnes i vanlig praktisert og akseptert språkbruk, til at en slik oppfattet stabilitet kan være et langsiktig mål. Derfor er Akademiet også skeptisk til at «bruksprinsippet» skal spille en overordnet rolle spesielt «i tilfelle der det er snakk om å gjera endringar i norma», dvs., som det synes, bare når det er fattet en forutgående beslutning om normendring. Akademiet mener at erkjente omfattende divergenser mellom norm og allmenn eller dominerende bruk (usus) bør tilsi og utløse betydelig mer, og snarligere, normrevisjon enn den slike detaljkorreksjoner som er referert i årsmeldingen for 2020 (s. 64–65), er eksempel på.

Akademiet er helt uenig i den langsiktige fredning av bokmålsnormen av 2005 som foreslås. Mengden av empirisk sett helt unødvendige varianter uten forsøk på stilistisk differensiering er så stor at nåværende norm i betydelig grad er uegnet som veiledning til aktuell språkbruk. I lys av dette er antydningen om at det kan «bli aktuelt å gjera visse justeringar som følgje av systematisk undersøkning av bruk», en alt for smålåten målsetning.

### **Re: 6.2.3 Bruksprinsippet**

Dagens vide «normbredde» baserer seg dessverre ikke uten videre på «språket slik det ser ut i bokmålstekster», noe «undersøkingar av store korpus» utvilsomt vil vise.

Akademiet tar avstand fra å etablere «omsyn[et] til munnleg språk» til en normeringsparameter. Når muntlig språk trekkes inn, må det være i tilfelle der man finner det nødvendig å se bort fra skriftlige kilder som ellers skal være det sentrale grunnlaget for normeringen; at «det er vanskeleg å finna tilstrekkelege data i skriftlege kjelder» kan ikke være tilstrekkelig grunn for å fravike dette prinsippet. Det kreves tydeligere premisser for når «omsyn til munnleg språk» kan være aktuelt. I lys av den mangfoldige norske talemålssituasjonen, med fravær av en riksdekkende standarduttale, kreves det i det minste en viss antydning av hva slags «muntlig språk» som kan komme på tale, for å unngå fullstendig vilkårlighet i normeringsgrunnlaget.

### **Re: 6.2.4 Stramhetsprinsippet**

Omtalen av dette prinsippet innledes paradoksalt nok med at det «i utgangspunktet ikkje [er] noko mål å stramma inn eller utvida valfridomen i bokmålsnorma». Akademiet mener tvert imot at det er et utvilsomt og godt dokumentert behov for å innskrenke valgfriheten. Skal valgfrihet innføres for å imøtekomme en veldokumentert utviklingstendens, bør det gis mer presise regler for å motvirke vilkårlighet og ny variantinflasjon.

### **Re: 6.2.5 Enkelhetsprinsippet**

Akademiet er enig i at regelmessighet i bøyningstyper er å foretrekke fremfor unntak, og at man må ta hensyn til det velkjente faktum at bøyningsmessige uregelmessigheter ofte

kjennetegner høyfrekvente leksemer. Akademiet vil i denne sammenheng peke på at *-en/-a*-valgfrihet ved substantiver og *-et/-a*-veksling ved fortidsformer av svake verb uten konsekvensrestriksjoner (ut over konsekvens ved enkeltleksemer) i praksis åpner for massiv uregelmessighet i substantiv- og verbbygningen.

#### **Re: 6.2.6 Tradisjonsprinsippet**

At «[d]et er ein verdi ved eit skriftspråk at det kan kjennast att som det same språket over fleire generasjonar», har vært riksmålsbevegelsens grunnleggende synspunkt siden begynnelsen. Vi forstår det tilståtte «høve til å føra vidare mindre brukte former i bokmålsrettskrivinga dersom dei har ein sentral plass i skrifttradisjonen», som en velkommen og naturlig konsesjon til Akademiets grunnsyn.

#### **Re: 6.2.7 Ordtilfangsprinsippet**

Dette prinsippet presiserer at en (uspesifisert) gruppe «funksjonsord» er normert, men ordtilfanget ellers er prinsipielt åpent. De kompliserte spørsmål som angår «ordidentitet» og lån- og fremmedords norsktilhørighet (jf. anglisismeproblematikken), drøftes ikke (og kan bare antydes her).

#### **Generell konklusjon**

Akademiet finner det skuffende at Språkrådet ikke er villig til å ta 2005-reformens åpenbare systemsvakheter og uegnethet for praktisk språkbruksveiledning på alvor. Fremfor alt speiler «stabilitetsprinsippet», slik det er formulert, en mislykket vedtaksfortid og er en dårlig veileder til en mer rasjonell norsk språknormfremtid. Dokumentet er dessuten preget av visse uklarheter som gjelder den praktiske anvendelse av normeringsprinsippene.

På vegne av Det Norske Akademi for Språk og Litteratur

John Ole Askedal /sign./  
preses

Oslo, 12.08.2021

Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 Oslo

Oslo, 12. august 2021

## Høyringsvar om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Me takkar for at me er inviterte til å svara på høyringa om reviderte retningslinjer for bokmål og nynorsk. Me svarer i hovudsak på dei delane som gjeld normeringa av nynorsken.

### Innleiing

Det Norske Samlaget gir ut om lag hundre bøker i året, det er både sakprosa, skjønnlitteratur, barnebøker og lærebøker for høgare utdanning. Ved kvar einaste utgiving arbeider me med det språklege. Me gir råd til forfattaren om kva for former som høver best med målet deira elles. Det er heller vanleg at former frå tidlegare rettskrivingar blir brukte, og somme gonger ønskjer forfattarane å halda på desse formene. Det er elles eit skilje mellom sakprosa og skjønnlitteratur, og det er forskjellige omsyn som må takast. Til dømes i diktsjangeren vil ein stundom ty til apokoperte former, som til dømes *sei* i staden for *seia* i infinitiv, for å få det til å rima, eller det kan vera stilistiske verkemiddel i andre sjangrar som bryt med norma. Det vil vera uheldig om slik bruk skulle ha noko å seia for normeringa. Me arbeider med å dyrka fram forfattarrøyser, og dei har varierende prinsipp til grunn for korleis dei skriv. Somme ønskjer nærleik til eige talemål, medan andre ønskjer å skriva ein nynorsk med meir tradisjonell dâm.

Overordna ønskjer me stabilitet og eit tydeleg system i norma. Helst skal ikkje for mykje takast ut eller endrast på. Me meiner altså at systemet i nynorsken i all hovudsak skal liggja fast.

### Prinsipp for normeringa av nynorsk

Me er samde i korleis prinsippa er prioriterte, og det er klart at sjølvstendepriippet stundom lyt overstyra bruksprinsippet, i så måte at ein helst skal unngå å ta inn for mange bokmålsformer.

## Sjølvtendepriinsippet

Me er fullstendig samde i at nynorsken skal normerast på grunnlag av sin eigen skriftlege praksis, uavhengig av bokmålet. Sameleis er me samde i at det ikkje treng vera kunstige skilje dersom ikkje bruken, tradisjonen eller språksystemet talar for noko anna. Me vil likevel understreka at ein må vera varsam med å ha for mykje tilnærming når det gjeld genus, svært mange av dei som er reine hankjønnsord på bokmål, men berre hokjønnsord på nynorsk, bør ikkje takast inn som hankjønnsord i nynorsken. Her er det mest nærliggjande å la det vera eit skilje mellom språka eller å leggja til hokjønnsbøying i bokmål for ord som *bille*, *følge* og ymse ord på *-sikt*.

Me ser òg stundom at somme vel hankjønnsbøying for ord som *ballerina* og *mamma* ettersom ein ønskjer unngå den doble *a*-en i bunden form: *ballerinaa* og *mammaa*. Her meiner me ein bør vurderer å ta inn att valfridommen i bunden form med berre éin *a*, endå det fører til at ein misser skiljet mellom bunden og ubunden form.

## Brukspriinsippet

Me meiner det er viktig at bruken i nynorsken skal ha sitt å seia, men bruken bør ikkje komma på kollisjonskurs med sjølvtendepriinsippet. Så lenge me ikkje har eit skilje mellom hovudformer og sideformer, bør ein vera varsam med å ta inn former som eigentleg er reine bokmålsformer. Det vil seia at endå om ei form som *villa* er mykje brukt i staden for eineforma *vilja*, bør ein la vera å ta forma inn i norma, *j*-en gir nynorsken eit særpreg, og det vil vera å vatna ut systemet med *j*-verba dersom ein skulle la denne *j*-en vera valfri. Det kjem likevel til å komma ut bøker med denne forma i seg, det er derimot å føretekka at skulebøker og skriv frå det offentlege nyttar det som i dag er den normerte eineforma. Dette handlar også om sjølvtendepriinsippet.

Me vil òg understreka at landsnamnet Noreg framleis bør vera eineform i nynorsken, uavhengig av bruken, då forma er viktig for å gjera nynorsken synleg på pengesetlar, grenseovergangar og legitimasjonspapir.

Det er til dels blitt nokså vanleg med samanblanding mellom parverba, her òg meiner me at normeringa bør halda oppe det tradisjonelle skiljet mellom transitive og intransitive verb.

Elles vil me påpeika at noko av bruken me finn att i nynorsken, kan vera motivert av feilaktige rettingar i ymse retteprogram. Me kan nemna nokre døme på feilaktige Word-rettingar: utlendingen → utlendinga, tusende → tusande. Her er det eit spørsmål i seg sjølv om Språkrådet i større grad bør følgja opp normeringsvedtak overfor Microsoft og liknande tilbydarar av retteprogram.

Me merkar oss at under tradisjonspriinsippet står det at ein skal halda på former som har vore mykje brukte etter rettskrivingsreforma i 1959, medan under brukspriinsippet står det at ein tek utgangspunkt i bruken «nokre tiår tilbake i tid». Me meiner det bør vera meir samkøying mellom desse to priinsippa. Det kan vera at 1959 er litt for kort tilbake i tid, då nynorsken har mykje lengre soge enn som så.

## Stabilitetsprinsippet

Me er samde i at norma i størst mogleg grad bør liggja fast, men at ein bør justera for å gjera norma enklare eller meir følgjerett.

## Stramleiksprinsippet

Norma bør i utgangspunktet ikkje bli noko strammare enn ho alt er, helst ønskjer me valfridom på systemnivå, til dømes mellom enkle og doble konsonantar. Men former som mest ikkje blir brukte i det heile, kan gjerne gå ut, så lenge det ikkje øydelegg for eit følgjerett system.

## Enkelheitsprinsippet

At normeringa heller skal gå på klassar enn enkeltord, er det beste for å få eit mest mogleg følgjerett mål. Endå ein tillèt nokså mange doble konsonantar i nynorsken, er det viktig for særpreget å halda på til dømes *same* som eineform. Men på hi sida meiner me det er uheldig at ein har *tømme* og *tom* – *tomme* som eineform, når ein kan velja mellom *døma* og *dømme*. I utgangspunktet må ein nok kunna gå ut frå at dette minimale paret (norr. *tøma* og *døma*) har same lydlege utviklinga i talemåla til anten kort eller lang vokal. Ut frå omsynet til stabilitet er det nok mest nærliggjande å ta inn *tøma* og *tome* i rettskrivinga.

## Talemålsprinsippet

Utbreiing i kjerneområda for nynorsk bør leggjast vekt på, men ikkje i altfor stor grad. Då er det betre å leggja til rette for meir valfridom, det er viktig for at ein skal ta omsyn til at nynorsken er eit nasjonalspråk, ikkje eit regionalspråk. Innanfor dei nynorske kjerneområda er det elles stor variasjon i talemålet.

## Tradisjonsprinsippet

Det verkar i det heile fornuftig at former som har vore mykje brukte etter 1959, skal få halda fram innanfor norma. Her bør ein òg kunna vurderera om somme av dei formene som var mykje brukte, men som gjekk ut i 2012, likevel bør få plass i nynorsken att. Me bit oss elles merke i at ein for nynorsken legg 1959-rettskrivinga til grunn, medan ein for bokmålet legg heile skrifttradisjonen til grunn. Me meiner at formuleringa for nynorsken gjerne kan vera meir i tråd med den for bokmål.

Me meiner elles at tradisjonelle former som er valfrie, som til dømes *mylne* og *strok*, bør stå oppførte i ordbøker og ordlister attmed dei nyare formene *mølle* og *strøk*. Dette skal kunna gjera det lettare for dei som slår opp i ordbøker, å få oversyn over kva former dei kan velja mellom. Sameleis ønskjer me at tradisjonsprinsippet skal syta for at dei tradisjonelle formene med *y* og *j* skal halda fram i nynorsknorma.

## Ordtilfangsprinsippet

Det er openbert at ein ikkje kan normera ordtilfanget i altfor stor grad, me meiner likevel at ein bør leggja særskild vekt på dei formene som har tradisjon i dei norske talemåla og i nynorsken. I den grad ein tek inn tyske og danske importord, bør ein likevel ha krav om tilvising til tradisjonell uttrykksmåte.

## Terminologi

Me set pris på arbeidet Språkrådet gjer og ønskjer gjera for terminologi, det kjem norsk språk til gode.

## Norvagisering og fornorsking

Me meiner det er viktig å ha klare reglar for norvagisering, slik at det er tydeleg korleis orda skal skrivast. Me tykkjer òg at det er fornuftig å prøva å finna avløyсарord når lydbiletet tilseier det, men me ser gjerne at det blir lagt ned ein ekstra innsats for å finna avløyсарord i dei tilfella det er ny teknologi e.l. som ligg an til å få stor utbreiing.

I ein del tilfelle kan det nok vera ein føremon å halda på den framande forma attmed den norvagiserte, her er *tøtsj* eit treffande døme, som nett no står oppført som eineform i *Nynorskordboka*, her meiner me det også bør stå *touch*. Me er likevel skeptiske til det som står i første punktet under 10.4: «Om den ikkje-norvagiserte forma er einerådande, bør den normerast som eineform.» Me meiner at den norvagiserte forma likevel bør kunna få innpass i rettskrivinga, endå om ho nesten ikkje er i bruk, dette kan ein setja i samanheng med enkelheitsprinsippet, altså at ein kan velja ein følgjerett inngang til korleis ein skriv desse orda på norsk.

## Kløyvd infinitiv

Når det gjeld kløyvd infinitiv, ønskjer me ei presisering om korleis ein vurderer at eit verb skal normerast med infinitiv på *-a* eller *-e* i kløyvd infinitiv. Lista som ligg ved i 2012-innstillinga, har diverre ein og annan openberr mangel, som til dømes at *leva* ikkje er med på lista, men me ser at det likevel er teke inn i *Nynorskordboka*. Det hadde òg vore høveleg å vurderer om ein skal kunna innføra valfridom mellom *-a* og *-e* for somme verb i kløyvd infinitiv, sidan me finn variasjon i talemål som nyttar kløyvd infinitiv, til dømes i høgfrekvente verb med halvokalar, som *telja* og *sitja*.

Med helsing frå

Håkon Remøy  
på vegner av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

E-post: [h.remoy@samlaget.no](mailto:h.remoy@samlaget.no)



---

**Fra:** Vegar Krogh Arnesen <vegarkro@oslomet.no>  
**Sendt:** torsdag 12. august 2021 10:34  
**Til:** Post Språkrådet  
**Kopi:** Audun Westad; Finn Aarsæther  
**Emne:** Høringssvar fra OsloMet - Høyring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Hei,

OsloMet – storbyuniversitetet ved Fakultet for lærerutdanning og internasjonale studier har tatt høringsnotatet «Framlegg til reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk» til etterretning, og har ingen merknader til høringen.

Mvh.  
Vegar Krogh Arnesen  
Rådgiver  
[vegarkro@oslomet.no](mailto:vegarkro@oslomet.no) | 67238879

Fakultet for lærerutdanning og internasjonale studier (LUI)  
OsloMet – storbyuniversitetet

Det vises til Språkrådets brev av 3. juni 2021.

Utenriksdepartementet har ingen merknader til saken.

Med vennlig hilsen



**Mette Kristin Ek**

seniorrådgiver

Utenriksdepartementet

Traktat- og dokumentasjonsenheten

Mobile: +47 976 10 522

Office: +47 23 95 04 98

[www](#) - [Facebook](#) - [Twitter](#) - [Instagram](#)

Språkrådet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

2021/1109-6/FD V 3/MATU

13.08.2021

## Høyringsvar – framlegg til reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Forsvarsdepartementet viser til høyringsbrev 3. juni d.å. med framlegg til reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk.

Forsvarsdepartementet har ingen innspel til høyringa.

Med helsing

Severin Vikanes (e.f.)  
avdelingsdirektør

Maja Emilie Tungehaug  
førstekonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og signert, og har derfor ikkje handskrevne signaturar.*

## Kommentarar til høyringsnotat frå Språkrådet om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Landslaget for språklig samling (LSS) er ein av mottakarane på høyringslista for dei reviderte retningslinjene for normering av bokmål og nynorsk. Vi har ein del kommentarar, som vi skal gjennomgå punktvis i dette dokumentet. Punkta har i hovudsak titlar som viser til dei same titlane i nynorskdelen av høyringsnotatet (avsnitta 6 og 7).

Høyringsnotatet opnar med eit oversyn over endringane frå versjonen av retningslinjene av 2015. Sidan LSS ikkje tidlegare har sett versjonen av 2015, kommenterer vi verken den delen av høyringsnotatet som oppsummerer endringane (kapitlet 4. *Normeringsprinsippa i gammal og ny versjon*), eller den gamle versjonen, dvs. kapitla 7 og 8 (*7. Gjeldande retningslinjer (nynorskversjon)* og *8. Gjeldande retningslinjer (bokmålsversjon)*).

### Innleiing til kommentarane

Vi ønsker å opne kommentarane våre med å understreke at LSS meiner normeringa av dei norske skriftspråka bør skje på eit mest mogleg demokratisk grunnlag. Med det meiner vi at normeringa bør gjerast av eit offentleg organ som er utnemnt av Stortinget, får retningslinjene sine frå Stortinget og i hovudsak har denne eine oppgåva å arbeide med. Vi oppfattar Språkrådet som eit slikt organ, og ønsker at ansvaret for normeringa av de norske skriftspråka skal bli verande der.

### Avsnitta Innleiing og 1 Kva er ei norm?

I desse avsnitta blir tydinga til omgrepa *norm* og *normering* greidd ut. Tilhøvet mellom internaliserte og fastsette normer blir forklart. Avsnittet endar slik:

*Språkbrukaren lærer seg typisk dei fastsette normene gjennom formell undervisning eller annan [sic] opplæring. Målet er at dei fastsette normene skal styra språkbruken og påverka dei internaliserte normene, og eventuelt sjølve bli internaliserte normer. Eit vilkår for at ei fastsett norm skal kunna fungera som ei norm og ikkje berre eit påbod, er at den fastsette norma ikkje må bryta grunnleggjande med den internaliserte språknorma hos språkbrukarane.*

I LSS tviler vi sterkt på om det er rett at det skal vere eit mål at skriftnormer skal styre språkbruken og påverke dei internaliserte normene til talarane. Det er vel vanlegare å hevde det motsette synspunktet. Synspunktet blir mildna noko av ordet *eventuelt*, men kan likevel gi inntrykk av at retningslinjene oppfattar skriftspråk som meir grunnleggjande og korrekt enn talt språk.

Men den siste setninga i sitatet ovafor er heilt i tråd med synet til LSS. Det er viktig at den fastsette norma (skriftnorma) ikkje bryt for mykje med den internaliserte språknorma (som vi les som *talemålet*) til språkbrukarane.

### Avsnittet *Kvifor normera?*

Dette avsnittet er interessant og opnar for grunnleggjande spørsmål: Kva for samfunnsmessige behov er det ein ønsker å tilfredsstille gjennom ei normering? Korleis bør ei norm vere innretta for at brukarane av norsk skriftspråk skal ha mest mogleg nytte av ho? Men LSS kan ikkje sjå at spørs-

mål av denne typen blir drøfta i særleg grad i diskusjonen i avsnittet. I staden finn vi ein meir teknisk diskusjon der vekt blir lagd på å syne at skriftspråk er noko anna enn talespråk. Det er sjølvsagt ikkje urett, men her blir dette poenget dratt så langt ut at teksten i stor grad opphevar det som blei skriva i innleiinga av avsnittet: "Opphavet til eit skriftspråk er skriftfesting av eit eksisterande talemål [...]". Vi er redde for at ei tilnærming der skriftspråk blir oppfatta som noko anna enn talespråk, lett kan føre med seg at ein nedgraderer den innverknaden utviklinga i talemålet bør ha for normeringa av skriftspråket.

Verre er det at synet på skriftspråk som vesensforskjellig frå talespråk gjer at perspektivet på skriftspråket som ein arbeidsreiskap fell ut av diskusjonen. I staden dreier teksten i avsnittet seg om to andre hovudpoeng: For det første at skriftspråk er noko anna enn talemål: "Såleis er eit skriftspråk òg eit eige, sjølvstendig språk som må lærast; det er ikkje berre eit transkripsjonssystem for tale". For det andre er teksten opptatt av det den kallar historisk "djupn" i skriftspråk, dvs. at skrivne tekstar skal kunne lesast lenge etter at forfattaren har gått bort. Desse synspunkta leier fram mot rangeringa av ulike normeringsprinsipp seinare i notatet (avsnitt 6), og er mellom anna noko av grunnlaget for å gi det såkalla stabilitetsprinsippet ei viktig rolle.

LSS meiner at omtale av den sentrale funksjonen skriftspråk har som ein arbeidsreiskap i samtida burde fått plass i avsnittet. Samhandling av meir formell karakter personar imellom og mellom personar og institusjonar/bedrifter går ofte føre seg skriftleg, i dag òg antakeleg meir enn tidlegare. Kontraktar, avtalar, bruksretteleingar og lovtekstar må kunne lesast og forståast. Det kan vere naudsynt å utforme ein søknad, ei klage eller ein rapport. Det er ein trend i tida at mykje kommunikasjon av både formell og uformell art skjer skriftleg, gjerne via eit tastatur og ei skjerm. Dagens samfunn er såpass samansett at ein person som ikkje kjenner seg heime ved å uttrykke seg skriftleg, har eit handikapp.

Går vi tilbake til dei to spørsmåla vi reiste innleiingsvis (om samfunnsmessige behov og nytte for brukarane), ønsker LSS derfor at oppgåva til skriftspråket som ein arbeidsreiskap i samtida må bli tatt inn i teksten i dette avsnittet. Nytteverdien av skriftspråket som ein arbeidsreiskap bør òg bli vektlagd som minst like viktig som den meir historiske oppgåva til skriftspråket. For å kunne tene som ein arbeidsreiskap må skriftspråket vere ope for å ta opp i seg den utviklinga som skjer i både talespråk og skriftspråk over tid. Det kjem vi tilbake til seinare.

Avsnittet endar med ei oversikt over kva slags tekstar som kan leggast til grunn for normeringsarbeidet. Her står det mellom anna:

*I vår digitale tidsalder er det naturleg at det òg blir lagt vekt på nyare digitale sjangrar. Dette føreset at tekstane har ein viss permanens og ikkje er del av ein flyktig digital straum av kommentarar og innlegg i sosiale medium, og at ein kan gå ut frå at tekstane har vore gjennom ei viss redigering og kvalitetssikring.*

I LSS er vi samde i at nyare digitale sjangrar må komme med i grunnlaget for normeringa, men kravet om avgrensing gjennom permanens og "redigering og kvalitetssikring" finn vi både underleg og strengt. Det går tilbake til synet vårt på skriftspråket som ein arbeidsreiskap. Eit skriftstykke blir skriva for å bli forstått. Skrivaren "kvalitetssikrar" teksten ut frå dette omsynet og si eiga språkjensle. Det bør ein kunne oppfatte som eit innspel frå skrivaren om korleis ho/han ønsker at skriftspråket skal vere. Permanens er i denne samanhengen eit underleg krav. Teksten har ein verdi så lenge nokon les han og gjer seg nytte av han. Det gjeld anten teksten er ei bok, ei avis eller eit

digitalt skriftstykkje. Teksten er uansett formulert og publisert, uavhengig av graden av permanens.

Nemninga "digitale sjantrar" dekker ei rad ulike typar skriftstykkje. Aviser og bøker er vel etablerte som digitale medium ved sida av utgåver på papir. Offentlege dokument av ymse slag er i dag i regelen lettare tilgjengelege digitalt enn på prent. Til "nyare digitale sjantrar" vil vi òg rekna sms-ar, e-postmeldingar, innlegg i sosiale medium og innlegg i kommentarfelt av ymse slag. Mens sms-ar oftast er del av ein ein-til-ein-kommunikasjon, rekk e-postmeldingar og tekstar i sosiale medium og andre kommentarfelt i regelen ut til langt fleire. På linje med tekstar i digitale aviser bør dei takast med i grunnlaget for normeringa av dei norske skriftspråka.

Nokon kan tenkast innvende at det ikkje alltid er så enkelt å avgjere kva for skriftspråk ein tekst skal reknast å høyre til. Det kan ein vel velje å tolke som eit høve for at ordformene i teksten det gjeld, bør komme med i både nynorsk og bokmål.

## Punkt 6.2 Prinsipp for normeringa av bokmål

Punkt 6.2 startar med ei oversikt over dei prinsippa Språkrådet ønsker å følge i normeringa av bokmålet. Her nemnast òg at prinsippa for bokmålet i stor grad fell saman med prinsippa for normering av nynorsken, og vidare finn vi: "I tråd med språklova og andre styringsdokument er dei to første prinsippa – sjølvstende og stabilitet – overordna dei andre prinsippa. Bruksprinsippet spelar òg ei overordna rolle i tilfelle der det er snakk om å gjera endringar i norma."

LSS har kommentarar både til den rangeringa av prinsippa som er nemnd her og til fleire av enkeltprinsippa. Kommentaraner gjeld i det store og heile òg for dei tilsvarande prinsippa for nynorsk.

### 6.2.1 Sjølvstendeprinsippet

Sjølvstendeprinsippet først. Prinsippet blir presentert slik i høyringsnotatet:

*Bokmålet skal normerast på grunnlag av sin eigen skriftlege praksis og si eiga utvikling, og uavhengig av nynorsk. Dersom bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn ikkje taler for noko anna, skal ein likevel unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyingsstypar for ulike ord og genus for substantiv.*

LSS meiner at sjølvstendeprinsippet, slik det er sett opp ovafor, er problematisk, lite tenleg og vanskeleg å gjennomføre. Det er særleg to aspekt av prinsippet vi ønsker å sette fingeren på:

- **Eigen skriftleg praksis og utvikling.** Sjølvstendeprinsippet føreset at bokmålet har ein eigen skriftleg praksis og ei eiga utvikling, slik at det kan normerast "uavhengig av nynorsk". Men dette ser vi som ei sterk forenkling av den språklege verkelegheita i Noreg. I røynda lever brukarane av dei to skriftspråka våre i eit samfunn der dei dagleg opplever bruk av begge skriftspråka, både i skriftleg og munnleg praksis. Talt norsk ligg oftast ein plass imellom dei to skriftspråka, og det er vel kjent at ord, uttrykk og bøyingsformer også i skrift blir nytta på tvers av dei to normene. Ein skal ha ei nokså snever tilnærming til saka for å hevde at bokmål og nynorsk utviklar seg uavhengig av kvarandre. Det er heller ikkje rimeleg å snakke om "eigen" praksis for dei to skriftspråka. Tvert om er vel heller praksis i dag at bokmåls- og nynorsktekstar oftast nyttast om kvarandre og kan blandast friare enn nokonsinne. Det er derfor god grunn til å legge vekt på setning to i sitatet ovafor, om at ein skal unngå skilnader mellom skriftspråka dersom "bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn"

taler for det.

- **Eiga utvikling og husnormer.** I den grad ein likevel ønsker å diskutere kva ein eigen praksis kan vere, nyttar ein som datagrunnlag gjerne store tekstkorpus der boktekstar og avistekstar dominerer. Her støyter ein på det problemet at slike tekstar i regelen allereie har blitt normert ved at utgjevaren har nytta ei eiga norm, ei husnorm. I desse tilfella, som nok utgjer ein relativt stor del av grunnlagsdataa for normeringa, er det altså ikkje bokmålets eigne praksis eller eigne utvikling vi ser reflektert. I staden møter vi tekstar utforma etter ei privat norm. Dei private normene vi i LSS kjenner til, er alle ganske eins, og for bokmålets vedkommande høyrer dei heime i den meir konservative delen av bokmålsfloraen. Den mykje vidare variasjonen ein møter rundt om i bokmålsnære dialekter, blir overkøyrd av nokon få mediebedrifter. I den grad husnormerte tekstar blir nytta som grunnlag for normering av bokmålet, er det ikkje urett å seie at nokon har funne ein privat bakveg inn til normeringa av norsk skriftspråk, til ei normering som i utgangspunktet skulle vere offentleg og finne stad på vegner av fleirtalet av brukarar. Overdrive bruk av husnormerte grunnlagsdata kan derfor reise spørsmål om habiliteten til ei normering.

Det skulle vere greit å forstå at vi i LSS er lite nøgde med sjølvstendepriinsippet slik det er formulert i høyringsnotatet. Vi meiner det i stor grad er teori med ei nokså laus forankring i verkelegheita. Dei to skriftspråka er så like kvarandre og nyttast så mykje om kvarandre, at det er vanskeleg å tale om eigen praksis og eiga utvikling. Det er òg urimeleg å vente at folk skal kunne halde dei to normene klart frå einannan. Etter LSS si meining bør ein i staden legge vekt på at normeringa bør følge den generelle språkutviklinga i norsk. Skal normeringa vere reell og fruktbar, bør ein i valet av datatilfang for normeringa òg vere varsam med å nytte tekstar som allereie er normert gjennom ei eller anna husnorm. Vi foreslår derfor at definisjonen av sjølvstendepriinsippet i høyringsnotatet blir justert i retning av formuleringa under. Byter ein ut *bokmål* med *nynorsk*, gjeld priinsippet òg for nynorsk:

*Bokmålet skal normerast på grunnlag av tradisjon og skriftleg praksis, og skal spegle den utviklinga som finn stad i norsk språk. Datatilfanget som blir lagt til grunn for normeringa, skal i hovudsak vere tekstar som ikkje er prega av førehandsnormering. Dersom bruk, tradisjon og språkssystematiske omsyn taler for det, skal ein unngå skilnader mellom dei to skriftspråka når det gjeld bøyingsstypar for ulike ord og genus for substantiv.*

### 6.2.2 Stabilitetspriinsippet

Stabilitetspriinsippet er formulert slik i høyringsnotatet:

*Rettskrivinga av 2005 skal ikkje endrast vesentleg, men det kan gjerast mindre justeringar. Slike justeringar omfattar i første rekkje ord som ikkje har vore normerte før, retting av inkonsekvensar i tidlegare normering og i oppfølginga av den, og normendingar som følgjer av at ordformer kjem inn i eller går ut av bruk i skriftleg praksis. I tillegg kan det bli aktuelt å gjera visse justeringar som følgje av systematisk undersøking av bruk, jf. sitatet frå språklovproposisjonen i pkt. 6.1 over.*

Stabilitet over tid kan i utgangspunktet vere eit tenleg priinsipp, men å avgrense stabilitet til at det berre kan gjerast mindre justeringar, slik ordlyden seier, gir fort ein konflikt med neste priinsipp, Brukspriinsippet. Avgrensinga verkar òg langt strengare enn § 3 i Vedtekter for Språkrådet legg opp til. Det står ikkje nokon plass i Vedtektene at Språkrådet skal halde seg til ei spesifisert rettskriving, tvert imot står det at "Språkrådet [...] og gjer bindande normeringsvedtak når språkutviklinga

tilseier det."

Det er òg uklårt for LSS kor formålstenleg det er å forankre stabiliteten i Rettskrivinga av 2005, som nå er 16 år gammal, eller i ei spesifisert rettskriving i det heile. Stabilitet over tid bør heller oppfattast meir generelt som eit "glidande" prinsipp om at endringar på kort sikt ikkje bør være for store eller for brå.

Den siste setninga i Stabilitetsprinsippet, om å gjere visse justeringar som følge av systematisk undersøking av bruk, er i tråd med LSS sitt syn på korleis ei rettskriving skal normerast. I punkt 6.1 vil Språkrådet nytta "store korpus med bokmålstekst" til det føremålet. Vi føreset da, som tidlegare nemnt, at tekstar som allereie er normerte gjennom husnormer, ikkje får nokon dominerande plass i desse korpusa. I tillegg må data frå talemålet komme med i normeringsgrunnlaget.

LSS meiner altså at Stabilitetsprinsippet slik det er formulert, er for stramt og gjer det vanskeleg å normere på ein realistisk måte. Referansen til rettskrivinga av 2005 bør takast ut, ei formulering om meir "glidande" stabilitet over tid bør komme inn, og avgrensinga av moglege justeringar bør opnast slik at ho kjem på linje med avgrensinga i § 3 i Vedtektene for Språkrådet.

### 6.2.3 Bruksprinsippet

Først som tredje prioritet blant prinsippa finn vi Bruksprinsippet. I punkt 6.2 står følgjande: "I tråd med språklova og andre styringsdokument er dei to første prinsippa – sjølvstende og stabilitet – overordna dei andre prinsippa." Det er mogleg at denne utsegna er i tråd med språklova, men vi i LSS har ikkje klart å finne nokon formuleringar i språklova som støttar utsegna. Og enda klarare: Verken ordet *sjølvstende* eller ordet *stabilitet* er nytta i språklova. Vi har heller ikkje klart å finne forskrifter til lova som seier noko om dette. Kva som er meint med "andre styringsdokument" veit ikkje LSS og kan derfor ikkje kontrollere utsegna på dette punktet. Vi stiller oss derfor noko undrande til grunnlaget for denne prioriteringa av prinsippa.

Som nemnt tidlegare i høyringskommentarane våre er prioriteringa av Bruksprinsippet etter både Sjølvstende- og Stabilitetsprinsippet ei gåte for LSS. Vårt grunnsyn er at den faktiske daglege bruken av språket, i både skrift og tale, bør være den viktigaste faktoren når eit skriftspråk skal normerast. Det er vel òg meir i tråd med § 9 i Vedtektene for Språkrådet, som seier: "Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa." LSS sitt hovudsyn er derfor at Bruksprinsippet bør oppgraderast til å vere det fremste prinsippet i Retningslinjer for normering.

LSS stiller seg òg undrande til fleire sider av utforminga av Bruksprinsippet i Retningslinjer. Vi tar det punktvis:

- a. Første avsnitt i definisjonen av Bruksprinsippet lyder: "Det vesentlege grunnlaget for normeringa av bokmål er språket slik det ser ut i bokmålstekstar. Normeringsgrunnlaget er i første rekkje tekstar som har vore gjennom ein redigeringsprosess. Det er ikkje eit avgjerande kriterium kva slags medium teksten er publisert i (jf. siste avsnittet i kapittel 2)."

LSS meiner at første setninga i dette sitatet fører til at tekstar får ei uhøveleg stor vekt i normeringsgrunnlaget. Vi meiner at praksis frå talemålet må nyttast som normeringsgrunnlag i minst like stor grad som tekstar. Det er trass alt i talemålet brorparten av



språkutviklinga finn stad. Vi er heller ikkje nøgde med avgrensinga om at tekstane må ha vore gjennom ei redigeringsprosess. Sett frå vår ståstad er det verken ønskeleg (på grunn av påverking frå husnormer) eller nødvendig. Ein må kunne nytte både redigerte og uredigerte tekstar som grunnlag for normeringsarbeidet.

- b. Andre avsnitt i definisjonen lyder: "Vurderingar på bakgrunn av bruksprinsippet må byggja på undersøkingar av store korpus av bokmåls tekstar som har god sjangerspreiing og regional spreiiing og som både speglar dagens språk og går nokre tiår tilbake i tid."

God spreiiing med omsyn til sjantrar og regionar er i tråd med LSS sitt syn, men vi ønsker at tekstane først og fremst skal spegle dagens språk. Språket nokre tiår tilbake må vi føresette at allereie har blitt tatt omsyn til. Og igjen: "Husnormerte" tekstar må ikkje få dominere korpusa som blir nytta.

Som nemnt ovanfor meiner vi det er viktig at korpus basert på talemål kjem med ved undersøking av språkbruk. Ei rekke ordformer som er vanlege i det som reknast som bokmålsnære dialekter, er ikkje tatt med i Rettskrivinga av 2005. Dei fleste av desse ordformene representerer ei tilnærming til nynorsk. Det er grunn til å tru at utelatinga kjem av at "husnormer" dominerer i dei korpusa som har blitt nytta i normeringa, og at talemål er lite representert.

- c. Fjerde avsnitt i definisjonen lyder: "Sjølv om ein primært skal ta omsyn til bruk i skriftlege tekstar, kan det òg vera aktuelt å ta omsyn til bruk i munnleg språk. Særleg gjeld det tilfelle der det er vanskeleg å finna tilstrekkelege data i skriftlege kjelder."

Eit viktig prinsipp for LSS er at det skal vere enkelt for folk å formulere seg skriftleg, og da må ikkje skiljet mellom tale og skrift vere for stort. Vi meiner derfor at observasjonar frå munnleg språkbruk må vektleggast på linje med skriftleg språkbruk. Det kan òg vere greitt å ha i minne at språkendingar og språklege utviklingstendensar i regelen først syner seg i munnleg språkbruk.

### **6.2.5 Enkelheitsprinsippet**

Omtala av dette prinsippet startar slik: "Normeringa skal i størst mogleg grad gjelda klassar av ord snarare enn einskildord, slik at innslaget av unntak i bøyingsmønsterar blir så få som råd." LSS støttar dette prinsippet, men vil kommentere at det nok ikkje er gjennomført i så stor grad som prinsippet ser ut til å tilseie og som vi kunne ønske. Særleg i bøyinga av svake verb finn vi ein del unntak frå dei generelle bøyingsmønsterar. LSS ser gjerne at Språkrådet tar ein gjennomgang av rettskrivinga av 2005 på dette området.

## **7 Særskilt om nynorsk**

Som tidlegare nemnt gjeld det meste av dei prinsipielle kommentarane våre like mykje for nynorsk som for bokmål. Det er likevel eit par punkt der det som er skrive om nynorsk skil seg noko frå det tilsvarande for bokmål. Desse punkta kommenterer vi her.

### **7.1 Bakgrunn**

I omtala av nynorskrettskrivinga frå 2012 og mandatet for nemnda bak rettskrivinga står mellom anna følgjande:

*Vidare skulle norma «appellera til språkbrukarar over heile landet og [gi] rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar». Desse føringane er framleis retningsgjevande for normeringsarbeidet når det gjeld nynorsk.*

LSS ser det som positivt at nynorsknorma skal appellere til språkbrukarar over heile landet og gi rom for former i allmenn bruk blant nynorskbrukarar. Vi vonar at det vil opne for at fleire ordformer med rot i bokmålsnære dialekter vil kunne bli tatt inn i nynorskrettskrivinga.

Også for nynorsken er det tatt inn ein passus om stabilitet: "2012-rettskrivinga bør i all hovudsak liggja fast i tida framover [...]" Som for bokmålet meiner LSS at det er uklokt å låse seg til ei spesifikk rettskriving, og at stabilitet heller bør følge eit "glidande" prinsipp ved at endringar på kort sikt ikkje bør være for store eller for brå.

### **Dei einskilde prinsippa i avsnitt 7**

Også for nynorsk er Bruksprinsippet nedgradert til tredje prioritet. LSS har same kommentar til det for nynorsk som for bokmål: Bruksprinsippet bør vere det fremste og mest grunnleggande av prinsippa.

Ein litt merkeleg skilnad mellom omtala av prinsippa for bokmål og nynorsk syner seg ved at ordet *talemål* i det heile ikkje er nemnt for bokmålet, medan ordet blir nytta heile 7 gongar ved prinsippa for nynorsk! Aller klarast kjem skilnaden fram ved at nynorsk har fått eit eige prinsipp som bokmålet saknar: 7.2.6 Talemålsprinsippet. LSS er i det heile godt nøgd med det som er skrive under dette prinsippet, men meiner samstundes at det kan vere uklokt å avgrense det talemålsgrunnlaget ein vil legge til grunn for normeringa altfor sterkt til "kjerneområda for nynorsk" slik prinsippet ser ut til å legge opp til. Skal nynorsken vinne fram og få fleire brukarar, burde ein vel heller hente impulsar frå område utanfor kjerneområda, som vel skulle vere godt dekkja allereie? Det kan verke som mandatet for rettskrivinga av 2012 hadde eit vidare grunnsyn på dette området.

Alt i alt ser vi i LSS positivt på at det vi peika på som ein mangel for bokmål, talemålsgrunnlag i normeringa, ser ut til å bli oppfatta som ei meir aktuell kjelde for normeringa av nynorsk.

---

**Fra:** Unni Berland <unni.berland@uis.no>  
**Sendt:** fredag 13. august 2021 12:52  
**Til:** Post Språkrådet  
**Emne:** 21/05750-1 - Høyring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

### Høyringssvar frå Universitetet i Stavanger

Universitetet i Stavanger takkar for invitasjonen til å koma med innspel om framlegget til reviderte retningslinjer for normering av dei to norske skriftspråka.

UiS meiner at endringane ser fornuftige og velbegrunna ut, og ønsker særleg å uttrykke støtte til framlegget om å utvide normeringsgrunnlaget til å gjelde digitale tekstar.

Framlegget er òg behandla av det språkpolitiske utvalet ved UiS.

På vegner av rektor Klaus Mohn,

### Unni Berland

Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt  
Universitetet i Stavanger  
Telefon: (+47) 51 83 32 75 | Mobil: (+47) 952 67 125



---

**Fra:** Post Språkrådet <[Post@sprakradet.no](mailto:Post@sprakradet.no)>  
**Sendt:** torsdag 3. juni 2021 09:01  
**Emne:** Høyring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

### Høyring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Språkrådet sender med dette ut eit dokument med framlegg til reviderte retningslinjer for normering av dei to norske skriftspråka. Dokumentet skal erstatte dei retningslinjene som gjeld i dag, og som blei vedteke av styret i Språkrådet 10. februar 2015.

Framlegget følgjer stort sett det same oppsettet som dei gjeldande retningslinjene, og på mange punkt er det berre mindre endringar. Grunnlaget for normeringa av dei norske skriftspråka ligg i den språkpolitikken som Stortinget har vedteke. Såleis er hovudprinsippa for dagens normering *sjølvstende* (at bokmål og nynorsk skal normerast kvar for seg på sjølvstendig grunnlag) og *stabilitet* (at normene for dei to skriftspråka i store trekk skal liggje fast). I tilfelle der det likevel er aktuelt å gjere endringar i normene, spelar *bruk* i tekstar på bokmål og nynorsk ei avgjerande rolle.

Høyringsnotatet gjer greie for dei endringane som framlegget inneber i høve til dei nåverande retningslinjene. Av dei viktigaste endringane kan vi nemne omtalen av tekstgrunnlaget som normeringa skal byggje på (kapittel 2 i framlegget), omtalen av ulike typar normeringssaker og korleis dei blir handsama (kapittel 5), og prinsippa for normering av importord (kapittel 10 og vedlegg 2). I omtalen av dei ulike normeringsprinsippa (kapittel 6 og 7) er det mest mindre justeringar, men omtalen er gjord meir lik for nynorsk og bokmål der det ikkje er særskild grunn til noko anna.

Språkrådet inviterer til innspel om alle sider ved dokumentet. Vi gjer merksam på at hovudprinsippa for normeringa og retninga i normeringspolitikken, som Stortinget og regjeringa har fastsett, ikkje kan endrast, og at dei dermed ikkje er tema for høyringsinnspel.

Frist for å svare på høyringa er **15. august 2021**.

Vi oppmodar høyringsinstansane til å sende framlegget vidare til andre relevante instansar som ikkje står på lista over høyringsinstansar. Høyringssvar skal sendast på e-post til [post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no). Høyringssvar er offentlege etter offentleglova, og alle svar vil bli publiserte på nettsidene til Språkrådet.

Denne eposten er sendt utenfra organisasjonen. Vurder om det er trygt å åpne lenker og vedlegg.  
This email originated from outside of the organization. Please consider whether it is safe to open links and attachments.

# TIL SPRÅKRÅDET

## Høyringsfråsegn

Eg sluttar meg til fråsegna frå Gunnar Skirbekk, og legg til:

Nokre retteprogram – alle eg kjenner og har vore utsett for - snevrar inn rettskrivinga ved å gjera ei ordform til den einaste rette når det finst fleire valfrie former. Retteprogrammet gjer då former som er rette til feil.

Desse retteprogramma snevrar òg inn ordvalet, gjer ord ulovlege; vanlege og uvanlege. Retteprogramma stenger på denne måten ute frå språket store deler av det norske ordtilfanget, som er uendeleg og stadig blir større. Desse retteprogramma gjer på denne måten orda i korte ordlister til dei einaste lovlege og rette.

Desse retteprogramma er uttrykk for språkleg inkompetanse og språkpolitisk vilje og maktbruk. Språkform og ordtilfang som har vore gjennom slike retteprogram er representative berre for retteprogramma, ikkje anna. Desse tekstane utgjer korpus av ufri språkbruk; kan analyserast og vurderast einast som det.

Meir grunnleggande og alvorleg er at desse retteprogramma er aktiv språkundertrykking, som bør avvisast og gjerast ulovleg.

ANDERS M. ANDERSEN,  
fyrsteamanuensis i nordisk språk og litteratur

# SPRÅKRÅDET VIL ENDRE NORSK SPRÅKPOLITIKK

## DET HAR SPRÅKRÅDET IKKE MYNDIGHET TIL

Språkrådet har sendt på høring rådets forslag til reviderte retningslinjer for normering av både bokmål og nynorsk.

Språkrådet skriver: «*Vi gjer merksam på at hovudprinsippa for normering, og retninga i normeringspolitikken, som Stortinget og regjering har fastsett, ikkje kan endrast.*» Allikevel er det nettopp det Språkrådet forsøker seg på.

Nåværende Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk ble vedtatt så sent som i 2015. Allikevel påstår Språkrådet at retningslinjene på enkelte punkter er utdatert og misvisende, og vil derfor endre retningslinjene.

Bokmålsforbundet mener at dagens normeringsregler fullt ut er i overensstemmelse med den overordrede språkpolitikk som er vedtatt av Stortinget, og ser ingen grunn til å endre disse.

I 2002 vedtok Stortinget enstemmig å oppheve den såkalte «samnorskparagrafen» i Lov om norsk Språkråd, og satte dermed en endelig sluttstrek for samnorskpolitikken, som hadde vært gjeldene språkpolitikk i mesteparten av 1900-tallet. Det skulle altså ikke lengre være et mål å føre våre to målformer sammen til ett felles språk. Heretter skulle våre to målformer normeres på egne prinsipper, uten sideblikk til den annen målform. Dessuten skulle man utelukkende ta utgangspunkt i skriftspråket ved eventuell normering, ikke talespråket slik man gjorde under samnorsktiden.

Den største endring i de nye foreslåtte normeringsregler er at Språkrådet vil at ikke bare skriftspråket, men også talespråket kan legges til grunn ved normering av skriftspråket. Jfr. formuleringen i punkt 5.2.3. Bruksprinsippet. «*sjølv om ein primært skal ta omsyn til bruk i skriftlige tekstar, kan det og vera aktuelt å ta omsyn til bruk i munnleg språk.*» Man nevner «*Talemålsundersøkelser*». Både bokmål og nynorsk skal normeres på selvstendig grunnlag. Hvordan skal man gjøre det, når man skal legge et utall av dialekter til grunn? Dette var noe man gjorde under samnorsktiden, og som er stikk i strid med dagens overordentlige språkpolitikk som er fastsatt av Stortinget. Språkrådet har ikke myndighet til å endre denne politikk.

Et resultat av samnorskpolitikken er at skriftlig bokmål i dag oppviser langt større variasjon mellom alternative ordformer enn det som er vanlig i moderne skriftspråk. Allerede forut for Bokmålsrettskrivningen i 2005, instruerte Kulturdepartementet derfor Språkrådet om å ta ut av rettskrivningen «lite brukte former», såkalt «ordlistefyll». Dette ble også gjort. Et hundretall former

som kun hadde en bruksfrekvens på noen få prosent ble tatt ut, hovedsakelig radikale samnorskformer (tilnærmingsformer), i realiteten nynorskformer.

Fremdeles inneholder bokmålsrettskrivningen et stort antall lite brukte former, som f.eks. mjøl, mjølk, rørsle, hugnad, framifrå, og dessuten a-ender i preteritum (fortid) av typen hoppa og dansa, for bare å nevne en knippe. Former knapt noen bokmålsbrukere benytter i skrift.

I boken «*Hovuddrag i norsk språkhistorie*» Torp/Vikør (2014, utg. 2016), kan vi lese: «*Huvudinnholdet i 2005 reforma var at skiljet mellom hovudformer og sideformer vart avskaffa. I bokmål har det våre eit mål å redusere talet på valfrie former som ikkje hadde fått fast fotfeste i bruken, særleg tilnærmingsformer frå 1938*».

Språkrådet vil imidlertid ha slutt på forenklingen av bokmål. Det skal ikke lenger være noe mål på lang sikt å stramme inn normen, jfr. 5.2.4.

Stramhetsprinsippet. De vil beholde det villnis av lite brukte former, nesten alle radikale former. I de foreslåtte nye normeringsregler har Språkrådet erstattet formuleringen: «tradisjonelle former», som altså kan bli værende i språket på grunn av lang tradisjon i skriftspråket, tross mindre bruk i dag. I stedet bruker man formuleringen «mindre brukte former» som generelt skal gjelde alle lite brukte former, inkludert de mange radikale former, jfr. punkt 5.2.6 og punkt 6.2.6 i høringsutkastet. Tradisjonsprinsippet. Språkrådet vil altså «frede» de mindre brukte radikale former. De fremstiller det som om den vide bokmålsrettskrivningen ikke er noe problem, men det er det. Ikke minst for de mange tusen innvandrere som er kommet til Norge i de senere år, og som skal lære seg norsk. Nesten alle innvandrere foretrekker bokmål. 98,5 prosent av de som avla statsborgerprøven i 2020, valgte bokmål, ifølge tall fra Integrerings- og mangfolddirektoratet.

Det er vel dokumentert at de aller fleste bokmålsbrukere skriver moderat bokmål. Kjersti Kolas masteroppgave fra 2014 viste at hele 84 prosent skrev moderat bokmål. Undersøkelsen bygget på Leksikalsk bokmåls-korpus med over 100 millioner ord.

Hvorfor vil Språkrådet beholde den vide bokmålsnorm? Jo, det er fordi de radikale samnorskformer er Språkrådets foretrukne former. I Språkrådets publikasjoner «Statspråk» og «Språknytt» er 50-60 prosent skrevet på nynorsk, og resten stort sett på radikalt bokmål. Det må her nevnes at vel 90 prosent av landets språkbrukere skriver bokmål, jfr. Skattedirektoratets språkstatistikk 2020. Blant den yngre del av befolkningen er det knapt nok nynorskbrukere. Blant norske universitetsstudenter er kun 2,8 prosent

nynorskbrukere, ifølge tall fra våre 10 universiteter våren 2021. Språkrådet er helt i utakt med norske språkbrukere.

Nesten 20 år etter at Stortinget slo siste spiker i kisten for samnorskpolitikken, forsøker altså Språkrådet seg med et nytt samnorsk-fremstøt.

Såkalt norvagisering er for Språkrådet nærmest blitt en besettelse. Allerede i 1996 introduserte Språkrådet en lang rekke nye norvagiseringsformer, bl.a. sjarter, sjåk, skvåsj, gaid, fait, sørvis, overhedd og keitering. I 2010, 14 år senere undersøkte språkforsker Gisle Andersen ved NHH bruken av disse former. Nesten ingen brukte disse former, de fleste hadde en bruksfrekvens på under 1 prosent. Situasjonen er den samme i 2021, et kvart århundre senere. De er nesten alle blitt «ordlistefyll». Da Språkrådet også foreslo at «pub» skulle skrives «pøbb», og «bacon» skulle skrives «beiken», vakte det så stor oppmerksomhet og sterk motstand, at Språkrådet trakk forslaget. Tross fiaskoen har Språkrådet utarbeidet en strategi for å fremme norvagiserte former. Språkrådet er selvsagt skuffet over at de fleste språkbrukere ikke har latt seg overbevise av dets argumenter. Men Språkrådet vet råd, vil ikke språkbrukerne ta i bruk norvagiserte former frivillig, skal de tvinges til det, i alle fall dersom de vil holde seg innenfor offisiell rettskrivning. Bemerk formuleringen: «*Det kan også bli aktuelt å innføre norvagiserte former som eneform*». Det betyr i praksis at Språkrådet kan forby utbredte ikke-norvagiserte former, til fordel for lite brukte norvagiserte former. Dette har ikke skjedd siden «samnorskrettskrivningen» i 1938. Da ble sterkt utbredte tradisjonelle former forbudt til fordel for lite brukte samnorskformer. Dette er også i strid med nåværende Språkpolitikk som er fastsatt av Stortinget. Gjeldene språkpolitikk fastslår at det ved endring av rettskrivningen, kun skal tas hensyn til den faktisk skriftlige språkbruk i samfunnet.

Bokmålsforbundet mener at Språkrådet bør trekke forslaget til nye normeringsregler. Hvis ikke, bør Storting og regjering gripe inn og fortelle Språkrådet hvilke fullmakter de har.

For Bokmålsforbundet

Arve Waage

viseformann

pensjonert advokat



# DET NORSKE TEATRET

Oslo 13. august 2021

## Svar på høyring om reviderte retningslinjer for normering

Det Norske Teatret takkar for høvet til å levere høyringsfråsegn til Framlegg til reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk, som Språkrådet sende ut på høyring 3. juni i år.

Språket høyrer fellesskapen til. Overordna ser Det Norske Teatret positivt på at ikkje berre større rettskrivingsreformer, men også mindre endringar av norma no skal bli sende ut på brei høyring. Det viser i praksis at språket er nettopp ein felles eigedom. Vi trur også det vil bidra til at språkbrukarane får sterkare kjennskap og sterkare eigarskap til den til kvar tid gjeldande norma.

Kunnskap om breidda i norma er ein føresetnad for å kunne nytte eit rikt og godt språk både innanfor kunsten og i det administrative, og for å røkte ein skriftradisjon. Ikkje minst er det viktig for Det Norske Teatret som språkpolitisk aktør og ein nynorskinstitusjon som kvar dag diskuterer språklege val internt å få kunne gi uttrykk for føreslegne normendringar som vi er usamde i. Det er også bra at einskilde språkbrukarar som nyttar norma i det daglege får den demokratiske retten til å komme med innspel på det dei meiner ikkje fungerer i den felles rettskrivinga vår.

Det er likevel eit sentralt poeng, slik høyringsnotatet presiserer, at språket blir normert og røkta av Språkrådet som nøytral faginstans, i tråd med vedtatt språkpolitikk, og at Kulturdepartementet framleis skal vedta gjennomgripande endringar i rettskrivinga.

Det Norske Teatret er ein stor og viktig leverandør av nynorsk til den norske offentlegheita, både som formidlar av teater på normert nynorsk og som ein aktør med nynorsk som marknadsføringsspråk. Vi er medvitne om at vi også påverkar framtidig normering av språket gjennom dei språklege vala vi gjer. I Kapittel 2 i framlegget er det eit nytt avsnitt som handlar om tekstgrunnlaget for normering. Det er fornuftig å skilje mellom type tekstar og kvaliteten på desse, og ikkje kva ulike medium tekstane er publiserte i, slik Språkrådet gjer i framlegg til endring. Meir og meir av den teksten Det Norske Teatret publiserer finst berre digitalt, utan at det betyr at han er mindre gjennomarbeidd eller mindre relevant enn tekst som tidlegare vart publisert på papir.

Beste helsing

Hans Antonsen (sign.)

direktør

Inger Johanne Sæterbakk (sign.)

språkkonsulent



Bergen, 15.8.2021

## *Høyringsfråsegn om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk*

Eg kom til å lese dokumentet med framlegg til reviderte retningslinjer for normeringa av skriftspråka våre og blei overraska over kor langt Språkrådet har gått med å avvikle tradisjonell nynorsk normeringspolitikk. Eg er klar over at noko skjedd allereie med versjonen av 2015, slik at den foreslåtte revisjonen frå i år blir ein sluttstein for brotet med prinsippa som nynorsk-normeringa har bygd på gjennom 1900-talet, og med den demokratiske ideologien målrørsla har tilført normeringshistoria i godt over hundre år. Med dette går nynorsken over til å byggje på det som har vore tradisjonell riksmålsideologi. Det er dermed vanskeleg å sjå korleis dette språket skal bli verande eit sjølvstendig språk når den spesielle nynorskideologien ikkje ligg tydeleg i botn.

I høyringsdokumentet er det mangt positivt om namnenormering og termarbeid, så ein del godord kan formulerast om dokumentet. Men eg kjem her til å samle meg om kritiske poeng til retningslinjene for normeringa av nynorsk rettskriving.

### *Ideologien:*

Høyringsdokumentet har som grunnleggande ideologi at skriftmålet skal normerast etter det allereie «redigerte» (= sensurerte) skriftmålet. Ideane om at nynorsken skal vere eit uttrykk for ein sosial og demokratisk politikk, finn ein ingenting att av. I teksten er det ingen tanke om at språket er uttrykk for kultur, politikk og identitet, og at språket som begrep og forestilling dermed representerer verdiar. Heller ikkje at prestisje og språklege ideal kan vere diskriminerande. Her er faktisk ikkje nemnt nokon overordna målsettingar om f.eks. demokrati, undertrykking, språkleg sjølvkjensle og identitet. Dokumentet manglar språkpolitisk drøfting. Språket står fram som ei frittsevande boble, og det er ingen vilje til å analysere korleis språk fungerer i samfunnet.

Dokumentet burde problematisert og fokusert spørsmålet om språkmakt og språkleg dominans (kulturelt hegemoni), om makta som forlag og mediehus har gjennom husnormer og retteprogram, om språkleg identitet og sjølvkjensle for personar og lokalsamfunn, dvs. perspektiv som er sentrale viss nettopp Språkrådet skal ha ein kritisk og demokratisk funksjon. Utan ei forståing av språkmakta blir Språkrådet ei forlenget arm for dei undertrykkjande kreftene.

To gonger står det om at skriftspråket har ein identitet, men ingenstad står det om at språkbrukarane har ein språkleg identitet. (Eitt unntak: Stadnamn er ‘identitetsskapande’, men altså ikkje i den generelle teksten om normering.) I tredje avsnitt s. 18 blir det ikkje eingong nemnt at samsvar med talemålet er ein pedagogisk gevinst – ikkje minst ved at det gir eleven oppleving av identitet med skriftmålet.

På bakgrunn av den avlagte samnorskpolitikken – som det blir vist til fleire gonger – gjer dette dokumentet faktisk bokmål og nynorsk til ideologisk identiske størrelsar. Det er tydeleg lagt så stor vekt på at normeringsprinsippa skal vere like, at det er vanskeleg å finne

forskjellane på prinsippa for dei to målformene. Omsynet nynorsken skal ta til talemål, er så marginalisert at det er knapt verdt noko.

Den historiske samanhengen og dette totale skiftet i premissar er ikkje kommentert i dokumentet, og dermed greier teksten å usynleggjere den språkpolitiske omlegginga.

Framstillinga i dokumentet tek utgangspunkt i eit vedtak frå 2015 om normeringsprinsipp, som Språkrådet her har fiksa ørlite på. Det hadde vore meir tenleg om det blei presentert ein lengre historisk samanheng, f.eks. prinsippa som nynorsknormeringa bygde på før omorganiseringa av Språkrådet i 2005. Då kunne ein klårare sett motsetninga mellom den tradisjonelle nynorskideologien og dei foreslåtte normeringsprinsippa. Dei prinsippa som gjaldt før (vedtekne i 1997), såg slik ut – når vi ser vekk frå dei tre punkta som gjaldt skiljet mellom læreboknormal og rettskriving:

4 Innanfor rettskrivinga kan ein opne for utbreidde talemålsformer. Eit minstekrav til nye former i rettskrivinga er at dei representerer det dominerande dialektsystemet i minst ein av dei fire landsdelane (dvs. Austlandet, Vestlandet, Trøndelag og Nord-Noreg).

5 Normeringsvedtak skal i størst mogleg grad gjelde klassar av ord eller former. Ved endringar i rettskrivinga skal ein unngå å skiple grunnleggjande systemdrag i skriftmålet.

På årsmøtet i 2000 vart dette tilleggspunktet vedteke:

6 Ein skal ikkje ta ut or rettskrivinga former som dominerer i dialektsystemet i minst éin av dei fire landsdelane

Desse tidlegare prinsippa gjorde nynorsken til eit sjølvstendig språk og markerte tydeleg den eineståande koplinga til folkemålet. Bokmålet hadde ikkje slikt prinsippgrunnlag. Den sosiale og demokratiske profilen åt nynorsken blir no fjerna.

### *Enkeltspørsmål:*

*Normer:* Teksten s. 17 som skal presentere normbegrepet, er overflatisk sosiolingvistikk. Her kjem ein så langt at det blir presentert at språksamfunnet vårt har mange normsett som lever samtidig. Slik ‘er det berre’, ser det ut som. Her burde dokumentet gått vidare og drøfta at kulturlivet nettopp er ein kamp om og mellom desse normsetta. Der høyrer språket og normeringa heime. I normeringsfagleg samanheng er det sentralt å diskutere *normeringsagentane* i samfunnet, og dei burde her vere omtalt i bakgrunnsstoffet for prinsippa.

*Korpus:* Kva datagrunnlag ein skal byggje på, er viktig. Her blir det sagt rett ut at det skal vere ‘redigert tekst’ (som også kunne kallast ‘sensurert språkform’). For det første: Det er ikkje argumentert korfor dette skal vere eit prinsipp, og kva som er gale med språket som ikkje er redigert. Og for det andre: Det er ikkje diskutert kva dei kulturelle og språklege konsenkvansane er av det: at dei som har makta over redigeringa, styrer språktradisjonen.

‘Redigert’ understrekar det sirkulære i den typiske riksmålsideologien, dvs. at ein skal basere skriftmålet på dei redaktørane som allereie har internalisert dei tradisjonelle verdiane. Slik kan ein utdefinere det folkelege frå sirkelen. Etter dette prinsippet er altså talemålet mindre verdt enn før.

Somme trur visst at uredigert språk er dårleg språk, og dei siktar då til språk på nye medium. Rettnok kan ein der som elles finne ein del hjelpelaus språkbruk fordi folk ikkje er så vant til å skrive talemålsnært, men det er ikkje meir slikt enn at fagfolk lett greier å skilje mellom

hjelpeløyse og det som byggjer på talemålsgrammatikken. Dei nye media gir faktisk ny tilgang til det språket folk identifiserer seg med. Nettopp dét burde vere sentralt – viss ein lar fyrårnet ha som grøn sektor at språket skal vere slik at folk føler det som sitt, at det gir uttrykk for deira identitet. (= Den tradisjonelle landsmåls- og nynorsk-ideologien.) At vi har fått dette språklege frisleppet i nye medium, er språkkulturelt svært interessant og burde utnyttast i normeringsarbeidet.

Mest presist og positivt om talemålet er kanskje det som står s. 10 om ny tekst til 7.2.3: «Sjølv om ein primært skal ta omsyn til bruk i skriftlege tekstar, *kan* det òg *vera* aktuelt å ta omsyn til bruk i munnleg språk (jf. òg pkt. 7.2.6). Særleg gjeld det tilfelle der det er vanskeleg å finna tilstrekkelege data i skriftlege kjelder.» [Mi kursivering.] – Altså er talemålet detronisert og blitt siste instansen ein skal sjå til. Allereie prinsippa bak 2012-rettskrivinga hadde svekt talemålsprinsippet, men det var likevel sterkare enn det som no er foreslått. Jamfør s. 38 i innstillinga frå 2011: «3 Talemålsformer med stor geografisk utbreiing skal tilleggjast vekt.»

*Talemålet:* Viktigaste innvendinga mi er altså at talemålet er detronisert som normeringsgrunnlag, altså som det sjette prinsippet, jf. punkt 7.2.6. Talemålet, som var utgangspunktet for nynorsk, burde stått fremst blant desse prinsippa jamsides den nynorske skriftradisjonen. Det ein legg best merke til i dette aktuelle dokumentet, er kor umogleg det skal vere å få inn utbreidde talemålsformer.

Dei foreslåtte prinsippa kan få store verknadar for utviklinga i nynorsktradisjonen. Når skriftmålet på denne måten sjølv er grunnlaget for normeringa – i staden for ein uavhengig og ideologisk overordna faktor – blir det uråd å stagge f.eks. utviklinga bort frå den munnlege stilen. Den utviklinga ser vi i dag ein del av i redigert (!) nynorsk prosa, f.eks. i ufolkeleg genitivsbruk, i substantiviske formuleringar og i s-passivar. Slik stil blir no sjølve normeringsgrunnlaget for framtidig nynorsk.

Det blir s. 18 i andre avsnittet fortalt at skriftmålet kan leve på eigne premissar sjølv om det er basert på talemålet i utgangspunktet. Ja, det kan det. Men *om* ein vil ha det slik – eller *i kor stor grad* ein vil ha det slik – er nettopp *det politiske spørsmålet*, der nynorsken tradisjonelt representerer eit standpunkt. Teksten i dette avsnittet skil ikkje mellom nødvendige forskjellar på skrift og tale og faktiske forskjellar i det norske språksamfunnet. Slikt blir ikkje problematisert. Dokumentet går berre vidare som om det ‘berre er slik’ at skriftmålet naturndøvendig er sjølvstendig som system, altså slik riksmålsfolk har argumentert i lengre tid.

Talesamfunnet har for det meste same eigenskapane som skriftsamfunnet, f.eks. både geografisk spreiiing, historisk djupn, kollektivt minne og stilregister. Ein dialekt er faktisk òg eit «kunnskapsobjekt som den einskilde har meir eller mindre partiell kunnskap om». Talemålet står òg sterkare enn skriftmålet når det gjeld somme av eigenskapane, særleg stilistiske pga. talen som medium og pga. større tilgang på variasjon. Altså: Påstandane som høyringsdokumentet legg fram her, er svært tvilsame.

*Stabilitet:* Dette prinsippet er sett øvst, men det er aldri blitt utgreidd språkpolitisk og sosiolingvistisk. Sakleg sett har rettskrivinga vår vore svært stabil etter 1959 viss vi jamfører med dei hundre åra før. Men jamført med visse andre standardspråk har endringane vore fleire. Spørsmålet burde her vere om i kor stor grad vi ønskjer å likne på visse andre språk. Det blir ikkje diskutert.

Her er vi altså inne i diskusjonen om kor mykje variasjon ein kan tole i ei rettskriving og i den levande skriftpraksisen i samfunnet. Det er eit politisk gode og ein kulturell rikdom å ha god opning for variasjon – og begge delar gjeld både tale og skrift. Norge er nettopp eit godt eksempel på at språkevna vår ikkje har problem med å takle slikt. Det motsette synet er basert på eit autoritært grunnsyn, altså eit Språk skal vere einslaga. (Naturlege språk har faktisk alltid variasjon.) Det autoritære synet har sitt historiske grunnlag i at statsdanningane i si tid ønskte kulturell einsretting og disiplin innanfor landegrensene. Frankrike er kanskje beste eksempelet. I Norge har vi vore stolte av språklege og kulturelle fridommar. Desse fridommane (f.eks. to målformer med valfridom i begge) har aldri vore nokon trussel mot nasjonaliteten vår i Norge, heller eit særpreg.

Med utgangspunkt i den nynorske tradisjonelle folkemålslinja er det faktisk paradoksalt at nynorsken etter 2012 har fått strammare rettskriving enn bokmålet. Og så kan vi s. 24f. i dokumentet sjå at den store variasjonen i bokmålet fungerer!

*Kjerneområde:* På den eine staden der det står at ein *kan* ta omsyn til talemål i nynorsk, blir det ‘nynorske kjerneområdet’ framheva i 7.2.6 s. 28: «Med talemålsgrunnlag er det tenkt både på frekvens, generell utbreiing og utbreiing i kjerneområda for nynorsk.». Det er eit farleg prinsipp, som kan føre til at det geografiske området blir snevrare og snevrare. Mange dialektar får med dette redusert status i normeringsgrunnlaget for nynorsk. Når ein ikkje lenger kan seie at nynorsken byggjer på dialektane våre, kjem det til å hindre offensivt nynorskarbeid utanfor kjerneområdet. – Det geografiske kjerneområdet er i dag Sunnmøre, Sogn og Fjordane, Hordaland og delar av Rogaland. Til så lenge. Slik politikk fører til ein sjølvforsterkande reduksjon av kjerneområdet.

Med helsing

Helge Sandøy  
prof. emeritus i nordisk språkvitskap



Follo og Hadaland, 15. august 2021

Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 Oslo

## Høyringsvar um umvølte grunnsetningar for normeringi

Høgnorskringen takkar for tilsendt høyringsskriv og høvet til å meina noko um grunnsetningane for normeringsarbeidet i Språkrådet. Me hev sendt høyringsskrivet fram åt Norsk Måldyrkingslag, og dette høyringsvaret er gjeve i samråd og samvinna med styret i Måldyrkingslaget.

Me arbeider for den klassiske nynorsken på alle omkverve i samfundet, og for eit norskt mål på eigen grunn utan umsyn til norsk dansk eller samnorsk. Me held fram at grunnsetningane som det regelfaste og landsgilde Aasen-målet bygde på, høver best for ein skriven norsk enno i dag. Me meiner det greide Aasen-målet er stygt skjepla gjennom samnorsktiltaki i den statleg styrde rettskrivingi, og at leidi fram for offentleg rettskriving no må vera å retta det som rengt er, reisa det som velt er. Me tel difor til at målet lyt taka stig i den leidi.

Politiske festtalor um at samnorsk ikkje lenger er nokon målsetnad, og at kvart mål skal dyrkast på eigen grunn, lyfter vonene for den offentlege nynorsken. Dei som hev stelt med nynorsken etter desse bodordi bar ut, synest lika vel vera fastna i fari etter den gamle, samnorske stemneleidi. Dei umvølte grunnsetningane for normering av nynorsk gjer ikkje det som trengst, skal me retta eitkvart på mistak og lyte i nynorsknormene frå 1938, 1959 og 2012. Ulíkt grunnsetningane for bokmål set grunnsetningane for nynorsk upp ein skilgard imot tradisjonelt mål. Me fær ikkje eit norskt mål på eigen grunn um me gjerder mykje av grunnen ute.

## Einsidug tilnærming framleis?

Me er glade for at styremaktene sender bod um at sjølvstende og stabilitet skal hava største tyngdi i arbeidet med bokmål og nynorsk. Det skulde i grunnen gjeva seg sjølv no når samnorskpolitikken er avskipa. Grunnsetningane i høyringsskrivet læst fylgja bodet, men me varast at det lika vel ikkje gjev nokon trygg grunn for framtidi åt ein sjølvstendig nynorsk som stend stødt i eigen tradisjon. Endå styringsbodi talar gildt og godt um nynorsk på eigen grunn, ser ikkje Språkrådet ut til å vilja fria nynorsken frå den samnorske leidi.

Heile soga åt norsk normering hev vore store målbrigde i det norske målet, der tilnærming til det norsk danske bokmålet og nystaving med von um at same skrivemåten

skulde vinna fram i det norskdanske målet òg, hev vore innsette beint imot viljen til mange målbrukarar – og imot den fylgjerette indre samanhangen og sersvipen i Aasen-målet. Dei puslute freistnadene på å føra gjennom norske drag i det norskdanske bokmålet er ikkje nøydde gjennom med same krafti. I det vanlege bruksmålet me ser i dag, er det meste attra, og målet ligg på lag som det gjorde i fyrste holva av 1900-talet. Utkoma er soleis heilt og fullt mislukka, um ynsket var eitt samnorskt mål i landet på «norsk folkemåls grunn». Me sit no att med eit sers unorskt bokmål i landet, og so ein nynorsk som er herja av ein sidug tilnærming og stygge brot med dåmen og grunnsetningane i det norske målet Ivar Aasen reiste.

I rettesnorene for normering som Språkrådet hev sendt ut på høyring, ottast me at den ulike medferdi bokmål og nynorsk hev røynt frå tidi med vilja samnorskpolitikk, er det Språkrådet meiner må vera lina frametter med. «Stabilitet» vert då at bokmålet stend stødt der det stend, medan nynorsken held ved å svaga og dragast av bokmåls-tilnærming.

## Grunnsetningane for normering av nynorsk fell ikkje saman med grunnsetningane for bokmål

Korso kann me tru dette når skrivet hevdar det fylgjer dei gilde styringsbodi um sjølvstendige mål? Me les i 7.2: «Prinsippa for normering av nynorsk fell i stor grad saman med prinsippa for normering av bokmål (pkt. 6.2).»

Dette er rett og slett ikkje sant. Sjå skilnaden millom «tradisjonsprinsippet» på nynorsk og bokmål til dømes. Bokmålet stend i ein norskdansk riksmålstradisjon, men nynorsken skal hava alle avnorskings- og tilnærmingstiltak dei seinste ættledene til stemneleid framleis.

Bokmål:

### 6.2.6 Tradisjonsprinsippet

Det er ein verdi ved eit skriftspråk at det kan kjennast att som det same språket over fleire generasjonar. Derfor er det høve til å føra vidare mindre brukte former i bokmålsrettskrivinga dersom dei har ein sentral plass i skriftradisjonen.

Nynorsk:

### 7.2.7 Tradisjonsprinsippet

Den nynorske skriftspråktradisjonen strekkjer seg tilbake til 1800-talet, men i normeringa av den framtidige nynorsken må ein framfor alt ta omsyn til dei siste generasjonane. Nynorskrettskrivinga skal føra vidare former som har ein etablert plass i den nynorske skriftspråktradisjonen. Ei innstramming av norma bør ikkje ta ut former som har vore mykje brukte etter rettskrivingsreforma i 1959. I einskildsaker kan det òg vera aktuelt å ta omsyn til tilhøve som ligg lenger tilbake i tid.



Her er siste setningi for nynorsken eit nytt tillegg. Det bøter ikkje stort på den skrikande skilnaden i synet på tradisjon millom bokmål og nynorsk. For bokmål er skriftradisjonen ein hovudregel. Målet skal vera attkjennande gjennom ættledene. Samnorsken er vraka.

For nynorsken er det derimot gjort eit serlegt poeng av at me ikkje må hava tradisjonen til rettesnor. Den samnorske læreboknormalen frå 1959 skal vera grunnlaget for norskt mål. Den grensa skal fastslegne normeringsprinsipp verja. Me skynar kva dette hev brodd imot.

«Gamalt mål» er ikkje verdfullt og skal ikkje takast umsyn til. Bokheim, skriftkultur, skriftradisjon, dei prinsipp Ivar Aasen bygde målet på – slike argument skal ingen kunna fara med, dei tel ikkje. Det er berre bokmål som hev ein tradisjon verd å bera, ser me. Vøre nynorsk skriftradisjon lika mykje vyrd i nynorsknormi som norskdansk målarv er det i bokmål, hadde ikkje tyningsiltaki imot godt mål kunna halda fram. Men det målet som er nytta i strid med samnorsktiltaki, det skal ikkje hava tyngd i rettskrivingsarbeidet – same kor «sentral plass i skriftradisjonen» det hev havt. Her er det framtidsmålet som skal stiga fram, «moderne» og i «utvikling». Det er samnorskpolitikken um att.

Skal normeringsprinsippi kunna fylgja den offisielt vedtekne målpolitikken um sjølvstendig nynorsk, lyt det vera rom for å sjå burt frå samnorsktiltaki i målet for nynorsken òg. Slik det er for bokmålet.

## 7.2.1 Stabilitetsprinsippet

«Rettskrivinga av 2012 skal ikkje endrast vesentleg, men det kan gjerast mindre justeringar.» Diverre låg ikkje tradisjon og sjølvstendig vokster utan umsyn til bokmål og planlagd tilnærming til grunn for 2012-målet. 2012-målet er eit framhald av samnorskklina, og eit stort brot med mykje av den tradisjonelle nynorsken. Difor er det i grunn motsegjande at 7.2.7 *Tradisjonsprinsippet* segjer at «norma [ikkje] bør ta ut former som har vore mykje brukte etter rettskrivingsreforma i 1959». Kva då med alt det tradisjonelle målet som gjekk ut i 2012? Er det berre det 1959-målet som var att i 2012 som skal «førast vidare»? Det må då vera slik me lyt lesa det.

Men dette er ikkje stabilitet. I-målet hev havt eit stort rom i skriftradisjonen, jamvel etter 1959, endå um det hev vore trengt inn i klombrer i rettskrivingi. Det same hev notidsformene *stend*, *gjeng*, *slær* og *fær*. Det litle romet slikt mål hev havt i rettskrivingi, hev vore eit vilja samnorsktiltak. Sermerkt norsk skulde gøymast burt og tynast ut. Men skrivarar med stor måltame og kjærleik til målet hev halde tradisjonen uppe år etter år. Det kling i målføri og syng i songane våre, og bokheimen ber det fram til nye skrivarar. Det er den faste grunnen for ein sjølvstendig nynorsk.

Det er helder ikkje stabilitet når 2012-målet vandar *-stelling* og *-verde*, substantivformi *ty* og verbformi *førde*. Etter tradisjonsprinsippet skulde desse skrivemåtane hava full rett.

Med full jamstilling millom det som fyrr var skift i hovudformer og sideformer, er det òg kome til ei umvelting, å kalla, i nynorsken. I redigera og reinskriven offisiell

nynorsk var det fyrr vanleg å fylgja hovudformi og nytta mangtalsformer som *stader*, *kvister*, *medlemer*, *vener*, *øyar*, *øksar* osv. Dei som kjenner nynorskt mål godt, skriv so klårt soleis enno, men ein stor slump tekstproduksjon, då serleg i det offentlege, er umsetjing frå bokmål eller skriven frå grunnen av skrivarar med lite nynorsklesing og -øving.

Det som fyrr var mistak som rettleiding og opplæring kunde retta på, hev no derimot full jamstelling og læst vera rett og godt mål. Det kjem ikkje fram at dette er eit stygt brot med tradisjonell nynorsk slik han skulde sjå ut til 2012, og slik dei framleis skriv, dei som kjenner nynorsken. So fær me ein offentleg nynorsk full av *stadar* og *medlemmar* og *øyer*, då, ikkje av di sume hev ynskt det, men av di rettskrivingi ikkje viser veg til tradisjon og stabilitet. Best det er skriv ein urøynd byråkrat *Færøyene* i eit skriv som skal vera på nynorsk, og fær aldri vita kva ugagn han hev gjort imot stabiliteten i det målet.

Same stoda gjeld for j-lause verb og hokynsord. Normi gjev ingi rettleiding, og bokmålsvane skrivarar utan so varnæmt måløyra fær aldri vita korso formene dei fyrst prøver seg med, *bølge* og *tenke* til dømes, skjeplar tonen i målet og gjer det lite attkjennande. Jon Fosse kunde ikkje skyna «at det skulle kunna heita *bølge* på nynorsk,» sagde han til Språknytt 3/2017. «Å ta vekk j-en her er for meg like gale som å ta vekk j-en i *ikkje*. Ingen språk er konsekvente, men alle språk har nokre markørar. Det har òg nynorsken, og dei skal ein ikkje tukla med.»

Når 2012-målet er knésett til eit mest ubrigdelegt utgangspunkt, og tradisjonsprinsippet vert tolka soleis at det viser burt all livande skriftradisjon som ikkje rettar seg etter samnorskrettskrivingane frå 1938 og 1959, set desse normeringsprinsippi effektive stenge mot å vøla og retta på gamle mistak og føra inn att ymist frå den klassiske og tradisjonelle nynorsken som trass i alt var råd å føra innanfor rettskrivingi heile etterkrigstidi – som var nytta i bok og blad, og er det enno.

I staden skal eit *bølge-* og *vennar-*mål få vaska burt grunnen ein sjølvstendig nynorsk i røyndi hev stade på til dessa, med di normi ikkje hev nokon reidskap som kann leidretta skrivarar som ikkje veit kor lausrive det er frå tradisjonen, det dei skriv. 2012-målet er ikkje stødet der stabiliteten i nynorsken no er grunnfest. I mange måtar er det eit oppbrot med skriftradisjonen og meir oppblanding og utvisking av den attkjennande nynorsken som stod på eigen grunn.

Me skal ikkje hava samnorsktilnærming til prinsipp lenger, heiter det. Den lovnaden er lite verd når alt gale som er gjort og gjeld, lika fullt skal standa. Tradisjonell nynorsk som ein gong vart forboden i offisiell rettskriving, skal haldast ute, same kor seigiliva den tradisjonelle nynorsken hev vore. Alt bokmålstilsig i bruksmål og talemål dei seinste generasjonane skal derimot kunna vurderast um skal få koma med i normi, sidan det er viktugt å fylgja «utviklingi» i «notidsmålet» mot den «framtidige nynorsken».

Dei samnorskfrie prinsippi, skal vera no, *tal*ar um sjølvstendige mål med kvart sin tradisjon, men det *syner seg* at det er einsidug bokmålstilnærming i nynorsken som er prinsippet framleis. Um Språkrådet *vil* fylgja målpolitikken i normeringsarbeidet, lyt tradisjon og stabilitet få tyda tradisjon og stabilitet i vanleg meining. Normeringsprinsippi må ikkje definera seg burt frå den klassiske nynorsken slik dei gjer det i dette utkastet.

## 7.2.8 Ordtilfangsprinsippet

«Ordtilfanget i seg sjølv er ikkje eit normeringsspørsmål», les me her. Denne grunnsetningi hev ikkje vore godt umverna. Med mål um å skjera ned på sideformer i samla tal, gjorde nemndi for 2012-målet mistak i dette stykket. Av di sume ulike ord med lik tyding var sette i lag i ordbokteigen, rekna nemndi deim for sideformer og fekk gjennomslag for at sume av desse eigne ordi skulde strjukast. Det hadde ikkje nemndi noko med. Normeringi frametter må difor kunna senda bod som rettar upp att dette. Språkrådet lyt døma på nytt lag um ordi *hokken* og *koss/hossen* og andre ord som er strokne frå ordlista for skuld slike mistydingar. Den som vil nytta ordlaget «hokke som» på nynorsk, fær ingi rettleiding frå ordlista lenger, og tek då etter bokmålsvanen, må me tru, og skriv det «åksesom». Det var vel ikkje meiningi?

Det er òg ymis annan merkeleg etterrakster etter strik og grip frå 2012-nemndi som de skulde rydja upp i. No gjev Nynorskordboka til dømes tokken av at verbi *rydda* og *temma* berre hev denne eine formi, og byd folk skriva deim soleis. Men so er det ikkje. 2012-nemndi fann på at *rydja* og *temja* skulde flytjast ut til eigne uppslag – og med di var det likt til at ho greidde minka på sideformmengdi. I ordboki no er det då tvo heilt like teigar for kvart av desse ordi, med nett same innhaldet, med di dei glupe ordbokstyrarane ikkje hev funne på nokon skilnad millom korso folk nyttar *temma* og *temja*. Det er ingen skilnad.

Slike knep og krokar hev til fylgja at folk ikkje vert kjende med den tradisjonelle formi når dei slær etter på *temma* og *rydda* – eller dei vert lurde til å tru at den tradisjonelle formi ikkje er rett.

## Utgang

Normeringi av bokmål og nynorsk legg heilt ulikt syn på tradisjon og stabilitet til grunn. Slik kann det ikkje gjerast um me i sanning skal hava sjølvstendige mål. Nynorsk òg hev ein sjølvstendig tradisjon, men i motsetnad til grunnsetningane for bokmål, er det i grunnsetningane for nynorsk innskripte eigne setningar som er brukande til å stengja denne tradisjonen ute.

Hadde det vore opna for å attra og vøla um på 2012-målet og sleppa inn att tradisjonelt mål, kunde den offisielle nynorsken vore ei utgangsstoda for å bera fram ein tradisjonell og stabil nynorsk som skal få liva og veksa ut frå eigen grunn. Då kunde festtalone um sjølvstendigt norskt mål verta noko meir en fagre ord.

Me trur i grunn ikkje Språkrådet i dag hev so stor uvilje til skriftradisjonen som me les ut av dette skrivet, og me vonar Språkrådet skal gjera meir til gagns for norskt mål i arbeidet sitt. Til trygd for dette lyt det lika vel til ei større umvøling av måten nynorsk rettskriving vert vølt og vardveitsla på frametter. Desse grunnsetningane tryggjer ikkje det. Dei set ingi stød stemna. Dei peikar for mykje i rang leid.

Med vensam helsing

Ole Kristian Grønneng, formann i Høgnorskringen

Ole Jakob Totland, styresmann i Norskt Måldyrkingslag

Til  
Språkrådet

Oslo, 15. august 2021

## Høyringsvar til framlegg frå Språkrådet om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Språkrådet sende 3. juni ut framlegg til reviderte retningslinjer på høyring. Det er tale om ei heller varsam justering av dei eksisterande retningslinjene, og det ligg også til grunn for våre innspel. Noregs Mållag kommenterer i dette høyringsvaret dei punkta vi oppfattar som viktigast, og dei punkta der vi meiner at innspela våre kan bidra i den vidare prosessen hjå Språkrådet. I merknadene under viser vi til nynorskversjonen av framlegget til reviderte retningslinjer:

### Merknader til kapittel 2

Noregs Mållag sluttar seg til det nyskrivne siste avsnittet i kapittel 2. Vi er samde i at kva medium ein tekst er publisert i, ikkje skal vera avgjerande for om han kan vera del av grunnlaget for normeringa. Vi understrekar like fullt at ein føresetnad for nett det, er at dette i hovudsak blir avgrensa til tekstar som har vore gjennom ein redaksjonell prosess med tilhøyrande kvalitetssikring – i tråd med framlegget.

### Merknader til kapittel 3

Noregs Mållag merkar seg at det er lovfesta i språklova at Språkrådet «forvaltar» skriftnormalane for bokmål og nynorsk. Det er rett nok ikkje lovfesta at normeringskompetansen ligg hjå Språkrådet, men dette følgjer av vedtektene til Språkrådet.

Noregs Mållag meiner at normering ligg i kjernen av kva det vil seia å forvalta ein skriftnormal – jamvel om det langt ifrå er det einaste som ligg i forvaltningsansvaret.

Noregs Mållag vil for eigen del understreka at normeringskompetansen må liggja hjå ein statleg instans. Når Språkrådet finst i si noverande form, er det vanskeleg å sjå føre seg noko anna enn at Språkrådet og Kulturdepartementet skal ha denne kompetansen. Noregs Mållag rår sterkt frå at normeringskompetansen blir lagd til private institusjonar som ikkje er under den same demokratiske kontrollen som Språkrådet og Kulturdepartementet er.

### Merknader til kapittel 5

**Om normeringskompetansen:** Det følgjer av vedtektene til Språkrådet § 3 tredje ledd andre punktum at «[v]edtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for departementet til godkjenning». Noregs Mållag meiner det er demokratisk riktig at normeringsvedtak med monalege konsekvensar for norma, blir godkjende av Kulturdepartementet. Noregs Mållag meiner at terskelen for å rekna vedtak som «gjennomgripande endringar eller systemendringar» ikkje bør vera for høg. Ein tommelfingerregel bør vera at dersom ein er i tvil om vedtak skal reknast til desse kategoriane, bør dei sendast til Kulturdepartementet til godkjenning. Dette er for Noregs Mållags del også ei anerkjenning av at normering av bokmål og nynorsk er politikk, ikkje berre ein språkfagleg prosess.

**Om offentlig høyring:** Noregs Mållag meiner det er svært gledeleg at framlegg til rettskrivingsendringar frå no av skal sendast på offentlig høyring. Praksisen til no der rettskrivingsendringar som ikkje er del av større reformer, ikkje har vore på høyring, er uheldig. Vi merkar oss at det er vist til utregreingsinstruksen punkt 3-3, som er nemnt i språklovproposisjonen, og vist til at «[r]ettskrivingsendringar må seiast å ha vesentlege verknader for ålmenta». Kor vidt dette stemmer, varierer nok med kor omfattande og systemendrande dei føreslåtte endringane er, og med kor sentrale delar av ordtilfanget dei gjeld.

Noregs Mållag ser det som viktigast at allmenn høyring er eit uttrykk for at norsk rettskriving er noko som vedkjem heile samfunnet. Difor er det viktig for den demokratiske legitimiteten til forvaltninga av skriftnormalane at alle som ønskjer det, får høve til å uttala seg om stort og smått i det som blir føreslegne frå Språkrådet.

Høyringa kan ha ein praktisk viktig funksjon ved at veiskapar og inkonsekvensar i framlegg blir avdekte. Det kan koma inn gode og gjennomtenkte forslag som samla sett gjer framlegga til rettskrivingsendringar betre etter høyringsprosessen; og det er eit høve til å få inn motførestillingar frå sentrale språkbrukarmiljø før ein eventuelt vedtek rettskrivingsendringar som viser seg å ha lite støtte.

Det er dessutan viktig, og det har ein eigenverdi at alle relevante miljø og enkeltpersonar får høve til å uttala seg – ikkje minst dei som er usamde i forslaga.

## Merknader til kapittel 7

Til 7.2.1 Sjølvstendepriippet: Noregs Mållag står sjølvstendepriippet heilhjarta. Det er likevel uheldig at Språkrådet her ikkje reflekterer over kor sjølvstendig eit slikt grunnlag kan vera for eit mindre brukt språk andsynes majoritetsspråket. Det bør koma fram kva for implikasjonar dette kan få for normeringa, og korleis ein kan streva etter sjølvstendepriippet i den gitte språksituasjonen. Jamvel om det er eit mål for Språkrådet at prinsippa for normering av nynorsk og bokmål skal vera mest mogleg parallelle, kan ein ikkje sjå vekk ifrå makttilhøvet mellom språka.

I avsnitt 7.2.1 står det at ein skal unngå skilnader mellom nynorsk og bokmål i dei delane av rettskrivinga som ikkje er nynorsk- eller bokmålsespesifikke, både når det gjeld bøyning, genus, norvagering og tekniske skrivereglar. Noregs Mållag sluttar seg til dette, og vi meiner at dette er så viktig at ein her bør gjera eit unntak frå sjølvstendepriippet både for nynorskens og bokmålets del. Men det er særleg viktig for nynorsken at ein unngår at former med lang nynorsktradisjon er korrekte i bokmålsrettskrivinga, men ukorrekte i nynorskrettskrivinga. Sidan 2012 har det t.d. gjeldt samandregne former av nøytrumsord i bunden form, som *teatret*, *kapitlet*, *eksemplet*, *mørkret* osv. Dette må reknast som eit arbeidsuhell som bør rettast opp – helst ved at mykje brukte samandregne former blir tekne inn att i nynorskrettskrivinga. Det er t.d. heller ingen god grunn til at *radius* skal obligatorisk skal bøyast *radiusen–radiusar–radiusane* når ein på bokmål har valfridom mellom fullformer og *radien–radier–radiene*. Her ville nynorsk også vera best tent med ei tilbakeføring til tilstanden før 2012-rettskrivinga, eller med at bokmålsrettskrivinga vart endra til å samsvara med nynorskrettskrivinga.

Grunnen til dette er at vi ser på dette som ord og språkbruk som ikkje er nynorsk- eller bokmålsespesifikk. I desse tilfella tener bokmålsbruk av orda også som føredøme for nynorskbrukarar, og bokmålsformene er i samsvar med det som var korrekt nynorsk i rettskrivinga fram til 2012. Dette vil heller ikkje vera i strid med ideen bak stabilitetspriippet, ettersom det uansett etter vårt skjønne ikkje ville vera tale om vesentlege endringar av 2012-rettskrivinga.

Til 7.2.3 Brukspriippet: Om brukspriippet står det at vurderingar på bakgrunn av dette «må byggja på undersøkingar av store korpus av nynorsktekstar som har god sjangerspreiing og regionalspreiing og som både speglar dagens språk og går nokre tiår tilbake i tid». Noregs Mållag meiner at ved normering ut frå dette priippet, er det viktig å ta omsyn til den påverknaden både husnormer, retteprogram og omsetjingsprogram har på normeringsgrunnlaget, og at korpusa speglar faktisk bruk av nynorsk. Nynorsken har stor variasjon slik han vert skriven av nynorskbrukarar i tekstar med ei klar tilknytning til ulike stader i Noreg, mellom anna i lokalaviser, dokument frå

kommunal forvaltning og andre utgjevne tekstar med lokal eller regional tilknytning. Desse tekstane bør ha høgre verdi enn stortingsmeldingar, lærebøker eller andre tekstar som stort sett blir skrivne av bokmålsbrukarar eller omsette frå bokmål til nynorsk. Då unngår ein noko av påverknaden folk utanfor den nynorske skrifttradisjonen har på nynorsken og normval.

Til 7.2.5 Enkelheitsprinsippet: Noregs Mållag er uroa over kva det vil innebera i praksis at det er eit mål at «innslaget av unntak i bøyingsmønstera blir så få som råd». Vi meiner at dette ikkje må bli ei brekkstong for å ta ut former med lang tradisjon i nynorsk. Her tenker vi særleg på dei hankjønns- og hokjønnsstabilitets- og tradisjonsprinsippet har hatt avvikande bøyingsklasser samanlikna med hannkjønns- og hokjønnsord flest, jf. fleirtalsformer som *sauer/-ene*, *ven(n)er/-ene*, *gjester/-ene*, *gonger/-ene*, *søknader/-ene* og *øyar/-ane*, *helgar/-ane*, *elvar/-ane*. Før 2012-rettskrivinga var desse hovudformer i nynorskrettskrivinga og obligatoriske lærebøker for skulen og i statleg forvaltning. Dette er dessutan språkdrag som går svært langt tilbake i tid og såleis er ein språkleg arv det er verd å halda i hevd i det nynorske skriftspråket.

Om formuleringa i punkt 7.2.5 skal takast på ordet, kan det verka som om det er eit mål på sikt å einsretta t.d. substantivbøyinga dersom ein når dit at bruken skulle tilseia å ta dei ut. Elles vil m.a. både stabilitets- og tradisjonsprinsippet tale for å halda på slike former. Vi meiner ein bør vurderer ei meir avdempa formulering av enkelheitsprinsippet.

Til 7.2.6 Talemålsprinsippet: I avsnittet om talemålsprinsippet blir spesielt dei såkalla kjerneområda for nynorsk trekte fram som talemålsgrunnlag. Nynorsk er for heile landet, og Noregs Mållag meiner at talemålsgrunnlaget ikkje må snevrast inn på kostnad av talemål som tradisjonelt har lege til grunn for det nynorske skriftspråket, også når det er tale om talemål frå område utanfor dei noverande nynorske kjerneområda.

## Til kapittel 12

Noregs Mållag meiner det bør gjerast eit unntak for prinsippet om normering på sjølvstendig grunnlag når det gjeld tekniske skrivereglar om teiknsetjing, skriving av tal, bruk av store og små bokstavar o.a. På dette feltet bør regelen heller vera motsett, nemleg at det skal svært gode grunnar til dersom ein skal regulera tekniske skrivereglar ulikt for nynorsk og bokmål.

Det er eit viktig demokratisk prinsipp at språket skal vera tilgjengeleg for alle. Språkrådet bør difor prioritera å laga eit gratis, og lett tilgjengeleg oversyn over skrivereglane i sin heilskap med gode døme.

## Til kapittel 13

Noregs Mållag er som nemnt glade for at rettskrivingsendringar skal på offentleg høyring. Vi meiner likevel at Språkrådet ikkje bør senda ut forslag på høyring for ofte. Etter vårt skjønn bør det ikkje sendast ut forslag til rettskrivingsendringar på offentleg høyring oftare enn ein gong i året.

venleg helsing  
Noregs Mållag

Peder Lofnes Hauge /sign/  
leiar

Gro Morken Endresen /sign/  
dagleg leiar



## Høyringsvar frå Norsk Målungdom til Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Norsk Målungdom (NMU) organiserer ungdom frå heile Noreg i arbeidet for at alle skal ha høve og rett til å skrive nynorsk, og for å fremje nynorsk, dialektbruk og språkleg mangfald på alle samfunnsområde. Vi er glade for høvet til å komme med innspel til høyringa om retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk.

Norsk Målungdom meiner at retningslinjene set opp gode retningar for normeringa, men har innspel til delar av innhaldet. NMU stiller seg bak at sjølvstendeprinsippet og stabilitetsprinsippet står øvst i hierarkiet for normering av bokmål og nynorsk. Likevel opplever vi at retningslinjene ikkje tar innover seg den store påverknaden bokmålet har på nynorsken. Som mindretalsspråket vert nynorsk heile vegen påverka av bokmålet. Ein må difor jobbe aktivt med at den skriftlege praksisen og utviklinga av det nynorske språket ikkje kjem med bakgrunn frå bokmål.

Vi er positive til at retningslinjene no også vil ta for seg eit vidare tekstspekter. Digitale tekstar utgjør mykje av tekstproduksjonen i 2021, og normeringa bør også ha grunnlag i dette. I framlegget står det at det må vere ein føresetnad at tekstane har vore gjennom ei viss redigering og kvalitetssikring. Ved omsyn til robotomsette tekstar, bør det vere sett til at det er gjort vurderingar rundt normval. For å hindre at robottekstar gjer store utslag på normbruken, som går mot anna bruk.

Retningslinjene tek sjølv opp utfordringa med at det er stort behov for nye korpusressursar for nynorsk. For normering av nynorsk bør bruksprinsippet ikkje telje like mykje når desse ressursane ikkje er på plass, eller ikkje fyller krava om god sjangerspreiing og regional spreining og som både speglar dagens språk og går nokre tiår tilbake i tid.

NMU ser talemålsprinsippet som ein sentral del av normeringa av nynorsk. Opphavet til det nynorske skriftspråket ligg i mangfaldet av norske dialekter. Nynorsken skal ikkje vere lydrett slik ein snakkar, men eit lettlært og følgjerett system av det rike dialektmangfaldet. Ein må på det vis finne dei samlande draga i talemålet, og vege det tungt i normeringa.

### **Normering av importord**

Norsk Målungdom meiner at ord som vert mykje brukt i norsk, skal kunne ha norsk skrivemåte. Pedagogisk og ideologisk vil det kunne løne seg å bruke norvagisert stavemåte. Det er lettare å lære seg å skrive, og dessutan vite korleis ein skal uttale det. Men vi vil også at dette norvagiserte ordfanget vert utvida, slik at ord som ingeniør, generell og geni skal få valfri skrivemåte insjenior, sjenerell og sjeni, som det var i 1917-rettskrivinga. Det bør vere eit generelt mål om at ord som er mykje brukt i norsk, skal kunne skrivast på norsk vis. Sjølv om den norvagiserte forma ikkje vert teken like mykje i bruk, også etter 25 år. Det bør alltid vere mogleg å velje ei norvagisert form.





Det er viktig at Språkrådet er rakst på bana når vi lånar eller importerer ord frå andre språk, og vedtek norsk skrivemåte. Dette vil bidrage til at det er den norske skrivemåten som får rot i språket. Samstundes må vi sikre at det er samanheng mellom formene, også mellom dei skrivemåtane som har vore lenge i språket.

Beste helsing  
Norsk Målungdom

Frida Pernille Mikkelsen, leiar







## RIKSMÅLSFORBUNDETS HØRINGSSVAR OM REVIDERTE RETNINGSLINJER FOR NORMERING, 2021

### **Kommentarer til kapitlene:**

#### **Bakgrunn (side 2)**

Det er naturlig at Språkrådet har gjort seg de tankene som uttrykkes i de tre kulepunktene på side 2 – om *tekstgrunnlaget*, *retningslinjene* og om at *tiden går* – og trekker konsekvensen av det: en justering. Det bør være synspunktet også i fremtiden – en justering (varsom endring) med f.eks. 20 års mellomrom.

Så må det være klart at det dreier seg om retningslinjer, ikke om heldekkende regelverk. Det må alltid være rom for skjønn.

#### **1. Hva er en norm? (side 41)**

Ingen bemerkninger.

#### **2. Hvorfor normere? (side 42)**

Fremhevelsen av skriftspråket som et «eget selvstendig språk som må læres,» er på sin plass. Likeså dets «historiske dybde», med andre ord dets funksjon som bindeledd mellom generasjonene.

I riksmålsnormeringen strekker den «historiske dybde» ned til 1917-rettskrivningens tradisjonelle former (jf. 6.2.6). Da fikk «det almindelige bogmaal», riksmålet, sitt moderne utseende. Grunnlaget var som i 1907: det standardiserte talespråk som hadde vokst frem, og som ble kodifisert i Norsk Uttale-ordbok (1910). Vi hadde gjerne sett at dette kom frem her eller i avsnitt 6.1.

At de moderne norske skriftspråkene (bokmål og nynorsk) er «nokså strengt» normert, er nok for sterkt sagt. Det kommer iallfall an på hva man sammenligner med.

Et hovedpoeng for Riksmålsforbundet er det som sies sist i avsnitt 3 på side 42:

*«Skrivemåte og bøyning kan betraktes som relativt overfladiske sider av språket, men samtidig er det særlig skrivemåte og bøyning som gir skriftspråket en umiddelbar identitet og gjør det gjenkjennelig som det samme språket fra tekst til tekst. Dette er igjen en forutsetning for at skriftspråket lett skal kunne læres.»*

Det er naturligvis grader av gjenkjennelighet, og folks oppfatning av normative forskjeller varierer. Men at et «strengt normert» skriftspråk læres lettere enn et med spektre av valgfrie former, kan det ikke være tvil om.

### **3. Språkpolitisk grunnlag for normering (side 43)**

Det vesentligste sies i sitatet fra språklovsproposisjonen, pkt. 4.2.1. Men med ordene om at rettskrivningen «i store trekk» skal ligge fast, holder man altså fast ved den variasjonsbredden som ifølge forrige kapittel gjør språket mindre lett å lære.

De mange tillatte formene i den offisielle rettskrivningen skaper forvirring og unødige vanskeligheter. Riksmålsforbundet mener at ordformer i bokmål som påviselig nesten ikke brukes, bør gå ut av rettskrivningen. Nå som tilnærmingspolitikken er høytidelig forlatt, bør konsekvensen være at man også rydder opp i de mange samnorskformene som denne politikken etterlot seg i rettskrivningen. Bokmålet må bli en fastere norm og gjenspeile usus.

I og med at det stadig skal eksistere et både-og, og i og med at prosessen blir den samme som før (fagråd – styre – departement) kan det antagelig ikke ventes noen hurtig forandring til bedre tilstander, slik vi ser det. Jf. pkt. 5.3.

Kompetansen befinner seg i Språkrådets sekretariat og fagråd. Styret er ikke nødvendigvis kompetent, departementet heller ikke, og (lange og) grundige utredninger må følge sakene. Det kan bli tungrodd, men er ikke til å komme bort fra når endelige avgjørelser skal tas på politisk nivå.

### **4. Faglig grunnlag for normering (side 44)**

#### *4.2 Implisitte vedtak*

I lys av det som sies i kulepunkt 3 under *Bakgrunn* – at tidene forandrer seg – forstår vi ikke helt at data fra inntil 60 år gammel lærebokgransking tas inn i normeringsgrunnlaget. Det må kunne begrenses til å gjelde terminologien.

#### *4.3 Orddannelse i norsk*

Visse avledningssuffikser kan by på (små) problemer.

### **5. Språkspørsmål og normering (side 45)**

#### *5.3. Allmenn høring av forslag til rettskrivningsendringer*

Hvorvidt dette fører bare godt med seg, tør vi ikke si. Språkrådet har kanskje høstet erfaringer i forbindelse med nynorskrettskrivningen av 2012, som var bred, men ikke «allmenn».

Vi minner om vedtaket (1998) om at det i norvageringssspørsmål skal tas hensyn til reaksjonen fra publikum og at man skal gå forsiktig frem i slike saker. En «allmenn høring» ville i dette tilfellet ha kunnet hindre noen av de ekstreme norvageringsvedtakene i Norsk språkråd i 1990-årene, som f. eks. *pøbb* og *sjov* (som ikke ble godkjent av departementet) og *gaid* og *kamping* (som ble godkjent som valgfrie former).

### **6. Særskilt om bokmål (side 47)**

#### *6.1 Bakgrunn*

Også betegnelsen den «omhyggelig, men ukunstlet dagligtale» burde nevnes. (Fra den kongelige resolusjon om 1907-reformen). Det er stadig en aktuell betegnelse, ettersom det går tilbake med omhyggeligheten i dagligtalen.

Betegnelsen «konservativt bokmål» brukes etter vårt inntrykk av folk som ikke vil bruke betegnelsen «riksmål». Vi tror det forvirrer mer enn det opplyser å operere med tre slags bokmål.

At det er forskjellige meninger om hvorvidt valgfriheten oppleves som problematisk, kan så være. Men det som betyr noe, er hva de fleste mener.

### 6.2.2

En justering må vel være en forandring av noe man har. Normering av «ord som tidligere ikke har vært normert» bør ikke kalles justering. Brukbare betegnelser: «unormerte ord», «førstegangsnormerte ord», «nyordsnormering».

### 6.2.3.

«En redigeringsprosess» kan være så mangt. Det kunne trenges et adjektiv, f.eks. «forsvarlig». Når «normdannende tekster» er fjernet, har man avskåret seg fra å mene at noen skriver bedre enn andre, og at fagfolk er mer å lite på enn legfolk (f.eks. journalister).

«Muntlig språk» finner man en del av på sosiale medier. Selv om man ikke tar hensyn til slikt stoff (uredigert som det er), bør man følge med i den grad det er mulig.

### 6.2.5

Her er det altså tale om bøyingsformer?

## 10. Retningslinjer for normering av importord (side 54)

### 10.3 Nærmere om norvagisering

Erfaring har vist at norvagisering kan ha vanskelig for å slå igjennom (jf. pkt. 5.3). Vi mener at «fremme» i siste avsnitt er for sterkt. Det bør stå: «... *strategi for normering (og innføring) av norvagiserte former*».

Vi anbefaler at annet avsnitt utgår. De som av en eller annen grunn forsøker seg med privat norvagisering, kan ikke ventes å kjenne rettskrivningsprinsippene, og «norsk uttale» kan være så mangt. Og hva ligger det i «godtas»? Hvem skal godta?

Om vedlegg 2 (side 61) kunne være en del å si. Vi går imidlertid ut fra at det ikke nå skal drives en forsert norvagisering, og at virksomheten på dette området vil bestå i å samle materiale.

### 10.8. Ny vurdering av norvagiseringssaker

En klar forbedring av det som ble vedtatt i 1990-årene. Det må vel være fagrådet som skal ta seg av sakene, og det bør stå: «... skal fagrådet analysere ...». Det kunne også stå noe om hvordan et vedtak skal publiseres.

## Vedlegg 2 (side 60)

To korrekturer:

Side 60: I omtalen av K1 må parentesen om «trykkting» fjernes.

Side 61: I V25 er det tale om engelske ord med *oy* (old) boy(s), soya o.l.

### **Sluttkommentar**

Det har gledet oss å lese et språkrådsdokument i en så riksmålsnær form; med tre-fire unntak er det faktisk rent riksmål – eller «konservativt bokmål», for å tale med avsnitt 6.1.

Språkrådet ser seg tjent med å avfatte et viktig normeringsdokument i denne språkformen. Det tar vi som et godt tegn og som et argument for at den forsiktige holdningen til endringer som uttrykkes i 6.2.2, ikke trenger å gjelde mindre brukte radikale former.

## Høyringsvar for framlegget til reviderte retningslinjer for normering av nynorsk og bokmål

I dette høyringssvaret tek eg føre meg nokre punkt frå delkapittelet 7.2 *Prinsipp for normeringa av nynorsk*, særskilt når det gjeld definisjonen av korpus som normeringsgrunnlag.

Høyringsnotatet slår fast at usus (7.2.3) bør praktiserast med bakgrunn i «ei rekkje tekstar som har vore gjennom ein redigeringsprosess» (same kva publiseringsmedium), og at vurderingar baserte på ususprinsippet skal byggjast på undersøkingar av «store korpus av nynorsktekstar som har god sjangerspreiing og regional spreining». Dette er ei problematisk formulering, då to vilkår er særleg motseiande: kravet om redigering og kravet om formell og geografisk variasjon. Dette er vesentlege moment i definisjonen av korpus, og det er nokre inkonsekvensar både internt i dei einskilde krava og mellom dei.

Kva slags redigering er det eigenleg tale om? Det er uklårt om korpusa berre kan bestå av tekstar som er vortne redigerte av offentlege organ (Regjeringa osv.) eller etablerte nynorskforlag, eller om alle nynorsktekstar som har gått gjennom ei redaksjonell vurdering (artiklar i lokalaviser o.l.), kan nyttast. Det er til dømes inga hemmelegheit at nynorskforlaga er fåe (med Samlaget i spissen), noko som avgrensar monaleg den geografiske utbreiinga som bør liggja til grunn for vurderingar etter usus ifylgje 7.2.3. Ikkje av di forlaga naudsynt nyttar ei trong husnorm, men av di redigeringa hjå forlaga av praktiske grunnar lyt gjennomførast av dei same redaktørane om att og om att. Samstundes er det òg slik at forlaga vanlegvis prøver å ikkje endra måten forfattarane ordlegg seg på, noko som kan føra til at dei godtek forelda eller unormerte former (i tillegg til den viktige skilnaden på faglitteratur og skjønnlitteratur når det gjeld kva som er lov å skriva).

Kan korpusa derimot bestå av kva som helst nynorsktekst som har vore gjennom ei form for redigering, vert den geografiske utbreiinga meir aktivert som grunnlag for usus, men det kjem opp motseiande implikasjonar i høve til talemålsprinsippet. Ususprinsippet (7.2.3) slår nemleg fast at korpus er å forstå som skriftlege tekstar, men at det òg kan vera aktuelt med munnleg språk i «tilfelle der det er vanskeleg å finna tilstrekkelege data i skriftlege kjelder». Talemålsprinsippet (7.2.6) spesifiserer vidare at «med talemålsgrunnlag er det tenkt både på frekvens, generell utbreiing og utbreiing i kjerneområda for nynorsk». Det vert vanskeleg å legitimera ei slik formulering fyrst og fremst ut frå den offisielle statusen til nynorsk som skriftspråk (ikkje lenger målform, jf. [Språklova](#)). Dessutan er det uklårt korleis avgrensinga 'kjerneområda for nynorsk' skal forståast ut frå talemålsprinsippet, då talemålsstoda i tradisjonelle nynorsk kommunar er svært varierende i dag, særskilt i sokalla randsoner (til dømes Hallingdal og Øvre Telemark).

Formuleringa i 7.2.6 er ikkje mindre problematisk når det gjeld alle mogelege redigerte nynorsktekstar som grunnlag for dei store korpusa 7.2.3 talar om: 'generell utbreiing' er umogeleg å oppnå for nynorskformer ut frå nynorsken sin status som minorisert skriftspråk på landsbasis, difor er utbreiinga i dei nynorske kjerneområda den som til sjuande og sist kan gjelda som normeringskriterium.

Det er òg slik at desse momenta snakkar mot sjølvstendep prinsippet (7.2.3) viss ein tek høgd for maskinell omsetjing frå bokmål til nynorsk, ein svært vanleg metode i offentlege organ (blant dei største produsentane av nynorsktekstar). Hovudproblemet her er at det er so fåe

leverandører av slike maskinelle omsetjartenester, at nynorsken som desse masseproduserer syner ekstremt lite variasjon innanfor norma (ein kan til ei viss grad tinga å få alternative former – til dømes a-infinitiv – men dei fleste vil no berre ha standardtenesta). Dette vart allereie teke opp i eit anna høyringsvar (jf. [Gunnar Skirbekk, 26.07.21](#)).

Generelt hadde stoda vore mykje enklare om anten bruksprinsippet eller talemålsprinsippet ikkje fanst eller ikkje hadde ei so viktig rolle, men ein kan jo ikkje endra prinsippa som alt er lagde til grunn for normeringa. Språkrådet bør difor sjå nærare på både interne tilhøve innanfor ususprinsippet og tilhøvet mellom usus og talemål som prinsipp for normering, og gjerne definera korpus på ein eintydig måte.

Venleg helsing

Samuele Mascetti

*Høgskulelektor i norsk / Høgskulen på Vestlandet*

---

**Fra:** Johann Roppen <Johann.Roppen@hivolda.no>  
**Sendt:** mandag 16. august 2021 11:18  
**Til:** Post Språkrådet  
**Emne:** Høyring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

## **Høyring om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk**

Høgskulen i Volda viser til framlegget til reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk.

Vår vurdering er at dei reviderte retningslinjene er meir presise og betre enn dei eksisterande retningslinjene. Det er også bra at dei er forankra i den nye språklova. Høgskulen i Volda stiller seg difor positiv til dei nye retningslinjene.

Vi meiner likevel at punkt 6.2.3 om bruksprinsippet krev ein nærare gjennomgang i tråd med kommentarar som Gunnar Skirbekk har lagt fram. Det må takast høgde for at «nye former» kan verte mykje brukt og dermed påverke korpus på grunn av intern normering lagt inn i og forsterka av elektroniske ordlister og på andre måtar.

Med venleg helsing  
**Johann Roppen**  
Rektor  
Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23  
[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)





DET KONGELIGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Deres ref.

Vår ref.  
21/3489 - HAA

Dato  
16.08.2021

**Høring - forslag til reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk**

Justis- og beredskapsdepartementet viser til Språkrådets e-post 3. juni 2021.

Vi har ingen merknader.

Med hilsen

Harald Aass e.f.  
fagdirektør

Elin M Elverhøy  
seniorrådgiver

*Dokumentet er godkjent og sendes uten signatur*





DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
21/1526-3

Dato  
16. august 2021

## Høyring - Reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Vi viser til e-post av 3. juni 2021 med vedlegg om ovannemnde.

Samferdselsdepartementet har ingen merknader.

Med helsing

Gyri Solnørdal Jenssen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Kjersti Nikolaysen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Postadresse  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.sd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 904

Avdeling  
Avdeling for styring  
administrasjon og  
samfunnstryggleik

Saksbehandlar  
Kjersti Nikolaysen  
22 24 81 46

# Hørings svar om reviderte retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk

Foreninga for radikalt bokmål  
2021

*Foreninga for radikalt bokmål* viser til høringsbrev fra Språkrådet datert 3. juni 2021 om reviderte retningslinjer for normering av nynorsk og bokmål. Retningslinjene fra 2015 er revidert og behandla som styresak i Språkrådet, og de er nå sendt ut for offentlig høring før endelig vedtak. Våre innspill dreier seg i hovedsak om tekstgrunnlaget som normeringa skal bygge på, samt hvilken rolle talemålet skal ha i normeringsarbeidet, og da særlig for bokmål.

Foreninga for radikalt bokmål har den såkalte radikale delen av bokmålsnormalen som sitt interessefelt, og vi arbeider for at de radikale formene i bokmålsrettskrivinga skal ha gode vilkår i tekster på ulike arenaer. Et slikt utgangspunkt fordrer et positivt syn på valgfrihet i rettskrivinga. Derfor er vi enige i konklusjonen i språklovproposisjonen om at det ikke er aktuelt å gjøre gjennomgripende endringer i bokmålsnormen. Det radikale, talemålsnære bokmålet er en veletablert og levende skriftspråkstradisjon. Normeringa må ta hensyn til denne tradisjonen, og kan ikke snevre inn normen på måter som gir det radikale bokmålet systemsvakheter eller på andre måter gjør det vanskeligere å ta i bruk denne delen av rettskrivinga for den som måtte ønske det.

## **Tekstgrunnlaget normeringa bygger på og talemålets plass i normeringsarbeidet**

Når det gjelder tekstgrunnlaget normeringa bygger på, ønsker Foreninga for radikalt bokmål å presisere at det bør bygge på et stort utvalg kilder av forskjellig art. I tillegg til tekster som er en del av store, tradisjonelle korpus bør det legges mer vekt på å få inn tekster fra andre medier og skriftspråklige kilder, særlig fordi det på riksmålssida har vært så utstrakt privat normering på 1900-tallet, noe som har styrt mye av det som har kommet på trykk. Folkelige former / muntlige former / radikale bokmålsformer har på denne måten vært undertrykt og vil derfor være underrepresenterte når former skal telles i store korpus. Her er det også verdt å nevne at flere aviser også opererer med et normeringsfilter for innlegg som kommer på trykk, og ikke kun for det redaksjonelle stoffet (Ims 2007). I så måte har enkelte aviser også ei tydelig normerende rolle overfor enkeltpersoner som ikke er en del av redaksjonen. Kjelaas (2017) viser også åssen enkelte vitenskapelige tidsskrift trekker radikale skriftspråksformer i tvil i vurderinga av akademiske tekster, og at fagfolk som velger å skrive innafor den radikale delen av bokmålsrettskrivinga, i større grad må argumentere for de skriftspråklige valga sine.

Mange tekster som skrives i dag (og som eventuelt havner i korpus som brukes som normeringsgrunnlag), skrives i program med innebygd rettefunksjon, noe som også er påpekt av Ims (2007) i en studie av normeringsprinsipp og normeringspraksis i norske aviser. I flere av programma som brukes i dag (f.eks. Google Dokumenter eller Tansa),

følger rettefunksjonen en smalere norm enn den offisielle, men det er uklart hva som ligger til grunn for utvalget mange av disse programma gjør. Også denne forma for skjult normering kan føre til underrepresentasjon av radikale eller folkelige former i skriftspråskorpus. Som eksempel kan vi nevne at pressemeldinga Foreninga for radikalt bokmål sendte ut under etableringa i 2019, blei normert i mer moderat retning av NTB og derfra spreidd til flere medier.

I tillegg til at normeringsarbeidet bør bygge på et større utvalg av skriftlige tekster, bør talemålsprinsippet være et gjeldende prinsipp for normeringa av bokmål, slik det per i dag er for nynorsk. Talemålet har spilt ei vesentlig rolle for utviklinga av begge skriftspråka de siste hundre åra, og samgangen mellom talespråket og skriftspråket har vært viktig i norsk normeringshistorie. Vi mener at det fortsatt bør være slik. Standardspråket bør ha med utbredte talemålsformer, jf. flertallsprinsippet som innebærer at skriftspråket i stor grad bør bygge på former flertallet bruker i talemålet (Vikør, 2007, s. 177). Internasjonalt trekkes det dessuten fram at støtte i skriftspråkstandarden bidrar til å bevare talemålsformer (Auer 2005). Vi ser ikke noen relevant begrunnelse for hvorfor dette skal være ulikt for de to skriftspråka. Punkt 6.2.3 (s. 48) i høringa nevner riktig nok at «[s]elv om man primært skal ta hensyn til bruk i skriftlige tekster, kan det også være aktuelt å ta hensyn til bruk i muntlig språk». Denne formuleringa sier imidlertid ikke tydelig hvilke kriterier som skal ligge til grunn for at en skal ta hensyn til muntlig språk, og bør erstattes med et mer eksplisitt punkt etter mønster av punkt 7.2.6 om tilsvarende prinsipp for nynorsk.

## Referanser

Auer, Peter, 2005: *Europe's sociolinguistic unity: A typology of European dialect/standard constellations. Perspectives on Variation*

Ims, Ingunn I., 2007: "Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver." *En undersøkelse av norske avisers språknormative prinsipp og praksis*. Upublisert hovedfagsoppgave. Universitetet i Oslo.

Kjelaas, Irmelin, 2017: *De sier vulgært, jeg sier talemålsnært*. Innlegg i Forskerforum, publisert 19.06.2017. <https://www.forskerforum.no/de-sier-vulgaert-jeg-sier-talemalsnaert/>

Vikør, Lars, 2007: *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo: Novus.